



# ISFLAKET

Polarmagasin frå Ishavsmuseet. Nr. 2– 2012 14. årgang kr. 50,-

## **Leiar:**

### **30 år sidan den norske selfangsten på Newfoundland tok slutt.**



At åra går svimlande fort, blir vi stadig minne på. Seinast fordi det i år er ein mannsalder sidan dei siste norske skutene dreiv fangst ved Newfoundland. Siste året - i 1982 - var det Veslemari, Melshorn og Polarstar som gjorde den lange og farefulle turen over havet. Som skipper på stimbarken Njørd såg den kjende Johan Olsen allereie i 1915 så store samlingar av sel ved Newfoundland som han aldri hadde sett før eller sidan. Men det var ikkje før i 1938 dei første sunnmørsskutene drog den lange vegen over havet til feltet utanfor Newfoundland og Labrador. Kvitsjøen tok til å svikte, der var for mange skuter på dei tradisjonelle felta, særleg i Vestisen. Og 30-åra var ei tid med allmenn krise i økonomien. Det var noko av bakgrunnen for at norske selfangarar tok til å interessere seg for feltet ved Newfoundland.

Oversegingane var lange og ofte harde. Nord-Atlanteren i februar er det all grunn til å ha respekt for. Og sjølve fangstfeltet hadde sine utfordringar, som det heiter på moderne språk: straum og grunnar, isfjell og skruing. Men fangstfolka var dyktige sjømenn og islosar, oftast gjekk det bra. Men ut på 50-talet vart det etter kvart vurdert tiltak for å verne om selbestanden. Først kom regulering av fangsttida, så kom kvotefangst. Kombinert med vanskelege avsetningstilhøve for skinn og spekk på grunn av hets og andre ting, blei det til sist ulønnsamt for norske fangstmenn å drive ved Newfoundland.

I førre nummer markerte vi dette med ein artikkel av Stein Ørnhei og Hermod Antonsen om NRK sin reportasjetur med Polarstar til feltet ved Newfoundland i 1968. I dette nummeret har vi med ein historisk artikkel der veteranane Nils Pilskog og Reidar Pilskog

fortel om sine mange røynsler frå feltet ved Newfoundland.

## **I dette nummeret**

Toppoppslaget er artikkelen som Marie Louise Widnes har skrive om kystkvinnene, det vil seie fiskarkvinnene og ishavskjerringane. Det er ikkje råd å skilje klart mellom dei to gruppene. Dei som dreiv ishavet, dreiv oftast fiskje også. Dei første selfangarane herifrå, var fiskarar. Artikkelen gir eit forvitneleg bilde av livet desse kvinnene levde medan mennene var på sjøen. Alle oppgåvene som laut gjerast, ansvaret som kvilte på dei. Uroa som alltid var der for søner og ektemenn som var ute på havet.

I 1912 var hareidsmannen Normann Holm på sin første tur til Vestisen med skøyta Dag. Han var berre 15 år gammal og skreiv dagbok på denne turen. Nøkternt og knapt skriv han om vêr og vind, isforhold, om kursar, om skuter dei møtte og ikkje minst kor mange dyr dei fangsta. Spesielt interessant for oss å lese, er at dei inne i isen møtte jubileumsskuta Aarvak som er 100 år dette året.

Tidlegare fangstmann og overvintrar Per Johnson fortel historia om då han og mannskapet under dramatiske forhold forliste med frakteskuta Ove Jan om lag 80 nautiske mil utanfor Hammarfest i 1973 og utruleg nok kom levande frå det.

Den som vil lese om ei spennande bjørnejakt, kan bla opp på artikkelen til Hallvard Holm i dette nummeret. Jakta gjekk føre seg på Spitsbergen i 1962, lenge før den nye tida tok til der oppe, med snøskuterar og masseturisme.

Statsmeteorolog Vidar Eng i Tromsø har teke for seg påskeorkanen i Vestisen i 1952. Så langt vi kjenner til, er dette første gong denne orkanen er skiven om frå ein systematisk, meteorologisk synstad. Vi vil spesielt takke statsmeteorolog Eng for at vi får lov å bruke artikkelen her i bladet.

Det er i år 90 år sidan Myggbukta radio vart etablert, og frå Danmark har vi fått tilsendt ein

interessant, rikt illustrert artikkel om den legendariske Myggbukta. Forfattar er Steffen Holberg som er aktiv i NANOK, som også sende med mange flotte bilde.

Vi vil som vanleg takke skribentane som hjelper oss med artiklar og bilde. Takk også til dei som hjelper oss på annan måte.

Sist men ikkje minst må nemnast at vi markerar at ishavsskuta Aarvak er 100 år med første del av ein eineståande artikkel frå arkivet om skuta sin dramatiske tur til Vestisen i 1920. Simon Flem Devold intervjuar stuert Ingvald Lorgen.

Dette og mykje meir kan du lese i dette sommarnummeret av Isflaket

Vi ynskjer lesarane og alle ein retteleg god sommar!

Brandal 5.6.12 Med helsing Finn Sindre Eliassen, redaktør

## ISFLAKET

### Polarmagasin utgitt av Ishavsmuseet og Ishavsmuseets Venner.

Adresse: Ishavsmuseet, Brandalsvegen 28, 6062 Brandal  
Tlf resepsjon 700 92 004 Tlf. kontor 700 92 900, mob 95 11 76 44

**Redaksjon:** Finn Sindre Eliassen, redaktør.  
E-post: [finn@ishavsmuseet.no](mailto:finn@ishavsmuseet.no), Webjørn Landmark [webjorn@ishavsmuseet.no](mailto:webjorn@ishavsmuseet.no) og Haftor Hofset.

Opplag 750. Årskontingent / abonnement kr. 250,- fritt tilsendt. Bedrifter kr. 500,-

[www.ishavsmuseet.no](http://www.ishavsmuseet.no)  
[www.ishavsvenner.net](http://www.ishavsvenner.net)  
[www.facebook.no/aarvak](http://www.facebook.no/aarvak)

Forsidefoto: Aarvak på fjordatur på -80 talet.  
Foto: Henrik Landmark

ISSN 1891-9480

## Innhald

Kystkvinnene	side 4
Påsketur og isbjørnjakt	side 9
Fra meteorologihistorien	side 14
Sagbruket i Hjorthamn	side 18
Ishavstur med D/K Dag 1912	side 23
Myggbukta	side 28
Helsing frå styreleiar	side 35
Frå samlingane	side 36
Ny ishavsbok	side 38
Newfoundlandsfeltet	side 39
Storlire ved Øst-Grønland	side 44
Frå arkivet – Aarvak i 1920	side 46
Årsmøte i Venneforeininga	side 55
Tjørvåg-kveld ved museet	side 56
Ishavskjerringa	side 57
Avseilarfest	side 59
Damene trekte fullt hus	side 61
Ishavet	side 62
Kronprinsparet på vitjing	side 64
Nytt frå Ishavsmuseet	side 66

### I propellvatnet

I Streten var ein mann ille ute. Dei låg i fangst og skaut frå skuta og hadde på slep ein fangstbåt med fire mann ombord til å hente skinna med. Så med eitt blei svære isknultrar kvirvla opp i rorvatnet. Båten krenget over og fyltest med sjø. To mann klarte å hoppe opp på ein is, men dei to andre hamna utanbords. Ein kom inn i propellvatnet. Han blei dregen rundt fleire gonger, men til slutt greidde han å kare seg opp på ein isfot der dei andre var. Han var heilt i ørska etter å ha blitt dregen rundt i kjølvatnet og brølte at han ville bykse uti igjen. Men dei kom seg vel ombord, fekk tørre og varme klede på kroppen og pøsevis med skåldande varm kaffi. Nokre timar seinare var alt saman berre ei episode.



# Kystkvinnene, den gløymde adelen.

Av Marie Lovise Widnes

*Forfattaren er fødd i Vanylven i 1930. Ho har sitte på Stortinget for SV; ho er forfattar og ein svært allsidig kulturarbeidare, mellom anna visesongar.*

Så lenge det har vore fiskarar og fangstfolk i landet vårt, har det også funnest noko som vi kan kalle fiskarkvinner eller ishavskjerringar. Alle som har levt i kystbygdene, på øyar og kring fjordar, har hatt noko med havet å gjere.

Kystkulturen vert mykje omtala i våre dagar. Ein har oppdaga at det er noko som er verneverdig og særeige. Men det er svært så sparsamt med omtale av kvinnene i dette miljøet. Kvenna var liksom berre husmor, og legg merke til "berre". Ho var "yndig og tro", som det står i "Når fjordene blåner." "De tusener kvinner som yndig og tro, med kjærlighets sysler i hjemlivets bo," medan menn " i arbeidets strid, binder Norge en krans."

No er ikkje det noko uvanleg. Historiebøkene omtalar få kvinner, dei hadde ikkje slik status at dei vart nemnde så ofte. Då fylkessoga om Møre og Romsdal skulle skrivast, var eg med i ei fylkesutvald nemnd som skulle diskutere med skribentane. Eg sa då at no måtte ein prøve å få med kvinnene. Men kvar skulle ein leite etter stoff om dei? Dei var usynlege, og forteljingane om deira liv og arbeid, laut ein mest lese mellom linjene, og kome over i små avsnitt, bortgøyde mellom historier frå ei mannsverd.

Men føresetnaden for dei mannsverk som vart gjorde og føresetnaden for at mannen kunne drive sitt yrke og endå halde slekta oppe, var kvinnene si trufaste røkting av dei oppgåvane som kravdes av dei. Det var kvinnene sitt strev som gjorde det mogleg for menn å forlate heimen i veker, månader, ja, år, for å drive sitt yrke på havet, i isen eller andre stader. Dei kunne ikkje både vere på sjøen tre fjerdedelar av året, og så drive garden heime samstundes. Og det er verkeleg mykje anna som må gjerast her i verda enn å ligge ute på havet, endå ingen skal misunne mennene det livet dei førte der.




«Kystkvinnene» i arbeid med fisk.

Foto: Ishavsmuseets arkiv

Det er ikkje så enkelt å finne opplysningar om kvinners verksamhet, det vert meir til at ein lyt rekne seg til kva dei dreiv med, ut frå det som står skrive om menn.

For nokre år sidan gav Hareid Historielag ut eit skrift dei kalla Fiskarsoga. Det skal seiast at det er eit interessant skrift, med både rikelege faktiske opplysningar om båtar og mannskap, om fiskeplassar og fangstmetodar og fiskekvantum. Ja, der var også uvêr og mange, meir og mindre autentiske historier om livet på sjøen, om tunge tak og død og forlis, og inn i mellom kostelege forteljingar om moro og komiske hendingar. Men når det gjeld kvinnene, står det berre ein kopi av ei teikning av ei kvinne, eit dikt til fiskarkvinna av Jon Dale og nokre få linjer på ei side om verking av fisk.

Jau, og så står det om at somme stader var kvinnene ikkje velkomne om bord. Men andre stader måtte dei gå ned til båten og skritte over fiskevegna for å skaffe mannen sin god fiskelukke.



«Fiskarkvinna» etter Jon Dale.

Grunnen til at det står så lite om kvinnene, er sjølvsagt at det er menn som har skrive historia. Det er menn som har hatt dei viktigste posisjonane. Og det er menn som har bestemt kva som var viktig. Det er menn som har late seg imponere av det som var spanande for dei.

Menn dyrka menns interesser, dei dyrka krefter og vågemod, evne til å stå til rors i allslags vær, evna til å vere rorskars eller skipper. Ja, dei dyrka menns måte å slåss på, sjølv vikingferdene har vi fått referat frå.

Men kven beundra og dyrka kvinners gjeremål? Kvinner som fødde ti - tolv born og som sleit liv og helse av seg for barneflokkene og for ektemaken og dei gamle, for dyr og menneske? Vart det utgjeve bøker og historiske hefte om deira daglegliv? Sjølvsagt ikkje.

Det vi les ut av historiske skrifter om fiskarane for mange hundre år sidan, er at dei brukte skinnklede, skinnstakk og skinnbrok og under hatten ei raud strikka hue. Så kan vi kanskje gjette oss til kven som klipte sauene, skrapa skinnet og sydde kleda og strikka hua? Vidare kan vi lese at dei første torskegarna var laga av spunnen hamp. Vi spør oss: Kven bråka og spann hampen? Det står to ord om det i bygdesoga om Vanylven. Kvinnene spann hampen, står det. Tenk det! Tidene skifte med gode og därlege år for dei som dreiv fiskje. I ei historie om år med därleg fiskje og fattigdoms tider, fortelst at det hende folk knytte opp torskegarna og laga seg klede av dei. Kven gjorde det? Kven laga stroeskjorta og havrelefsa, som er blitt eitt ordtak i språket vårt?

På mange måtar hadde dei ei fornuftig arbeidsdeling mellom menn og kvinner i gamletida. Nokon måtte stelle heime, passe born og krøtter og gard. Kvinnna som gjekk barntung mykje av si tid som gift kone, måtte halde seg til heimen. Difor kunne ho pleie gamle og sjuke og ha sin arbeidsplass i og ved husa. Mannen kunne ta dei tunge taka, vere på sjøen, vere i skogen, jakte, felle tømmer, byggje hus osb.

Og når mannen var ute, fall alt ansvar på kvinnna. I tillegg hadde ho anken og redsla for menn og søner som ofte våga livet på sjøen. Fiskar- og fangstyrket har vore både hardt og farleg. Kven skulle brødfø huslyden om ulukka var ute? Mange stader i kystbygdene har gardane hatt namn etter kvinnene, fordi dei fleste menn før eller seinare omkom på sjøen. I eldre tider hende det at både gard og born vart tekne frå ei fattig kone som miste mannen.

Det er ikkje rart at ho sprang, fiskarkvinna, som Jon Dale skildrar i det før nemnde diktet, gjengjeve i Fiskarsoge frå Hareid, med eldgryta, med knusk og flintstein og brenne, hengde henne på vippetongen, for å lyse

fiskaren eller ishavsfararen til lands, når båten skulle inn mellom skjer og fluder i storm og kave.



Når klede skulle lagast, både til sjøbruk og til daglegbruk på land for alle i ein huslyd, var dette berre kvinnene som stod føre. Dyra skulle ha fôr så dei levde over vinteren. Sauer skulle klippast, ulla skulle kardast og tråd spinnast. Så skulle vevstaden opp. Og tyet skulle stampast eller tillagast på anna vis, og syast, i dei eldre tider for hand. Frå dei eldste tider fann ein restar av ein båt i ein gravhaug. Fjølene der var samansauma med tvinna tarmar og tetta med saueull. Dette var nok ein båt som berre vart brukt til fiskje på heimefjorden. På den tida hadde nok ikkje kvinnen nokon rokk, men berre ein spinnetein eller eit spinnehjul. Seinare vart det Oppstadrokk og Oppstadvev. Noko lett arbeid var det altså ikkje å gjere hamp og lin og ull til klede. Og lett var det ikkje å sy korkje av ty eller skinn, med nåler av tre eller bein.

Strikking er i dag ein hobby, som faktisk held på å gå av bruk. Mange unge kvinner kan ikkje kunsten. I dag er dei flinkare ved dataskjermen enn med strikkepinne. Før måtte ein strikke.

Vi sa spøte. Og spøtet hang ved kvinnene som skulle det vore fastgrodd. Sjølv om vi i min barndom hadde fått såkalla strikkersker i bygda, som strikka underklede og hoseleggjer og litt genserar, vart det meste spøta med hand. Sjøvottar og raggar og sjølester vart strikka store og sidan tøvde, så dei vart tjukke og varme og sterke. Eg ser for meg frå barndomsåra kor dei sat og gnei dei fuktige sokkane på fjøl eller vaskebrett for å tøve dei.

Likevel sleit ein hol på hoser og raggar, på gensarermar og vottar. Stoppenåla og stoppekorga var viktig reiskap i eit kvart hus. Trelappeskorne som dei fleste brukte her på våre kantar, som ein sparka av seg ute i bislaget før ein gjekk inn, sleit nok hardt på hosehælane. Men same kor fattig ein var, var det skam å la ungar eller vaksne gå med ubøtte klede. Alt måtte også nyttast til siste trase, omsyast og vendast. Ei flink kone kunne gjere seg nytte av klutar og klede. Dess fattigare ein var, dess viktigare var det. At så mange endå hadde tid og overskot til å lage vakre plagg, band og border, teppe og ryer, er mest utruleg. Eg veit at mange sat på fjøslemmen og sydde skjortebryst til kjærasten eller utstyr til giftarmålet, i skinet frå ei trankole. Det vart ei stor lette då dei første symaskinene kom, eg trur det var Grover & Backer symaskinene som var dei første. Dei dundra som ein damphammar og hadde ikkje utveksling. Bestemor hadde ei slik då eg var liten.

Matstellet var enkelt i eldre tider. Dei fleste stader vart det brukt kokt mat eller varm mat både til middags og kvelds. Og så må vi ikkje gløyme at det skulle kokast over eld. Ved og torv og vatn skulle berast, ofte lange vegar. Vatnet skulle berast til dyra og. Og det var ikkje alltid spøk, på attfokne eller islagde vegar, der ein kanskje først måtte grave fram brunnen eller bekken. Ikkje rart at dei lærte seg å økonomisere, også med vatnet. Det dyra ikkje kunne drikke av potetvatn og oppvaskvatn, vart ofte brukt til å vaske golv med. Men som



oftast gjekk skola som vi sa heime, oppvaskvatnet, i dyra. Og fjøset skulle stellast, morgen, middag og kveld. Kona hadde ansvaret for at loda varte til vårs, at det ikkje vart fôrknipe og svelteforing. Ho viska vondlar av høy, kanskje med ein halmvisk kring, mælte dei i fang og armar, mest til den som nyss hadde kalva og trong bra med fôr. Og når føret minka, var det for mange å sanke både tang og tare, og skjere lyng til å berge krøttera til dei kom ut på beite. Grisen skulle det kokast graut til av småpoteter, fiskeavfall, høyfrø og maismjøl. Dei som hadde mykje skummamjølk slo kanskje ein tår nedpå. Fjøset skulle mòkast og gjødselen ofte kastast ut gjennom dungedøra, dei hadde ikkje gjødselkjellar i gamle dagar. Gris og kalv måtte ha strø til bol. Hylme, halmostubar raka av åkrane etter skurden, mose eller tørt lauv, og kanskje gamal sengehalm, kunne brukast. Onnene var ei side for seg. Gjødselen skulle ut, anten ein hadde hest eller ikkje. Han skulle spreiaст, og markene skulle rydjast med rive. Om mannen var heime og fekk ut mòkjja, var det i alle fall kvinnearbeid å rydje mark. Potetsetjing var også kvinne- og barnearbeid. I torvonna var alle med, og om det fanst ein mann på garden, så var det han som spadde opp torvbenken og skar eller spadde torvet. Kvinner og born trilla torvet til turkeplassen, hyste det, reiste det opp så det turka på undersida og fekk det i hus. Så kom slåtten med slått og røkting av høyet.

Her på våre kantar har vi mykje rått vêr, det var ofte eit sjansespel å få høyet brukbart i hus, og her var lite mark for langorv. Det var og slik at alt måtte slåast som kunne gje mat til ein saupekjeft. Stutthøy vart sanka på myr og i bakkar, mellom steinar og tuer. Lauvtrea vart

ofte skamskorne til kjerving, og vi veit om folk som låg opp under fjella og skar lilje og løk og lyng fordi det alltid vart for lite gras på små plassebøter og därleg opparbeidde småbruk. Og dette arbeidet var det same, anten du var kone på ein gard i indre strok, eller du var fiskarkone. Berre at i kyststroka var mannsfolk ofte borte så lenge, så alt fall på dei som heime var, kvinner og born og kanskje gamle folk. Men også pleie og pass av dei eldre fall på kvinnene, i tider med tungvinte hus og ofte stor fattigdom.

Arbeidet med fisk og sild, som med gardsprodukt og anna, fall på kvinnene, også i den gamle tida som ligg attom gløymsla sitt rullegardin. Og dei lærte seg kunstar og knep, både ved røynsle og av kvarandre. Sjølvsagt kunne mannen av og til bere vatn, om han var heime. Men dei korte øktene menn var heime, hadde dei også andre oppgåver, som å bryte mark og vøle hus og båt og vegn og få ved til gards, sy skor og barke huder. Vassberinga var for det meste kvinnene sin jobb, om dei ikkje hadde ein gamal verfar som kunne greie å bere ei bøtte, eller nokre born til hjelp. Sjølv har eg bore tusenvis bøtter, både heime og i tenester. Men då hadde vi sinkbøtter, som ikkje var på langt nær så tunge som dei gamle trebøttene som tidlegare tiders kvinner og born sleit på. Her på våre kantar, har det vore få gardar av ein slik storleik at folk kunne leve berre av gardsdrift. Gardane vart delte og delte igjen, når folketalet vaks. På desse smale stripene mellom fjell og fjord, skulle dei finne si føde. Dei aller fleste hadde ein liten jordlapp og ein liten båt, dei som ikkje budde oppe i dalane så langt frå sjøen at det ikkje var praktisk med båtbruk. Og utanom dei tidene då det anten var torsken eller silda som lokka båtane frå land, var det vanleg å hente kokefisken opp, så å seie dagleg. Eit fiskemåltid for dag var svært vanleg, anten han var fersk eller salta, speken eller kokt.

Kald fisk til brød har også vore brukt i alle år. For ikkje å nemne all turrsilda som vi åt i hektolitervis fram over våren og sommaren, til den siste vart så harsk at ho berre dugde til å gje kyrne eller geitene når ein skulle mjølke dei. Boknasilda var opphengd, flekt sild som ein kokte halvturr. Kubbesild og turrsild og



*Kvinnene og borna stod klare til å tilberede fisken når fiskarane kom til lands.*

heklasild, det var mat til å ta med når ein gjekk på fjellet og mjølka og når ein var i torvmyra. Og til kvelds var det ofte turrsild og kalde poteter i min barndom. Vi tykte det var svært godt Turrsilda var lett og frakte og næringsrik. Spekesilda var god, dersom det var feitsild eller islandssild, og den utvatna, flakte silda vart kokt og vi åt opp tunnevis for året. Dessutan skulle det kokast lyse til smurning og såpe av lever og anna avfallsfeitt.

Men kvinnene hadde oppgåver før ein kom så langt som til å lage mat. Det fanst kvinner som rodde fiskje, om dei ikkje var så mange. Men det var ikkje berre Dankert- Anna. Men mange fleire var det dreiv heimefiskje og berge middagsmat til gryta. Det har funnest og finst, tusenvis kvinner som har brukta både garn og pilk, langs med strendene våre, kanskje mest for dei som hadde mennene sine langt oppe i isen, på sel - og kvalfangst.

Det verste var at mange frå ein familie så ofte var om bord på same båten. Så var det ikkje berre mannen i huset som omkom, men kanskje ein eller fleire søner også. Ein kan berre prøve

å tenkje seg kva den psykiske påkjjenninga, spaninga og uvissa kosta.

Stormane tok elles ikkje berre liv på sjøen Vi som bur i kyststroka veit at dei store stormane frå nordvest ofte gjorde skade på hus og båt og skog. Det var ikkje enkelt å få opp att, bygt og vølt etter ein storstorm i ei tid då folk flest var fattige og det ingen forsikringar fanst.

Tidene har skift, og framstega i det hundreåret som har gått har vore mange og store. Likevel kan vi vel seie at gamletida varte til etter siste krigen. Frå då av gjekk det monaleg fortare og velstanden auka.

Arbeidet med fyr kom i gang i førre hundreåret, og fekk fortgang i byrjinga av 1900-talet. Fiskarlaga vart også stifta på slutten av 1800-talet og ut over i 1900-talet. Telefonen kom også og vart ei svær forbetring. Det første apparatet vart teke i bruk i Ålesund i 1876. Og sjølv om det skulle gå mange år før folk flest fekk telefon i husa, vart det i alle fall telefonstasjonar i alle bygder etter kvart, og lettare å få tak i dokterhjelp og jordmorhjelp og slikt. Men i små bygder var ofte telefonstasjonen stengd både om natta og mange timer midt på dagen. Dette kjenner eg til frå mange vanskelege situasjonar for oss som

budde tre kilometer frå stasjonen og ei mil frå dokter, og berre hadde upløgde vegar, vinterstida.

Telegrafen om bord gjorde at meldingar kunne sendast, også til og frå heimen, om noko stod på.

Med nyare tider og meir og betre hjelpemiddel, vart det umenneskelege slitet både i heimen og i båten lettare. Vass-saka vart ei viktig sak for kvinnene. Den vart oppteken i Stortinget av ei kvinne frå Arbeidarpartiet. Stortinget løvvde litt pengar, så mykje vart det visst ikkje, men bygdene tok etter kvart til å emne på vassverk, og elles la folk inn vatn frå eigne brunnar, der fallet var stort nok. Men mange bar vatnet både til hus og fjøs til fram mot femtitalet. For bygdene som fekk elektrisk straum etter kvart etter krigen, vart det ein revolusjon. Alt vart forandra. Frysarar i kvar heim kom etter kvart og avløyste dei små fryseria med bokser til leige.

Lys i hus og fjøs og naust vart ei velsigning ved sida av den elektriske kokeplata og komfyrane som kom etter kvart. Og den dagen vaskemaskinen kom i huset, kjende kvinna seg som ei dronning. Vaskebrettslitet var borte, om så den første maskina berre var ein båtmotor i ein trestamp.

Mennene på havet er ikkje så lenge borte frå heimen. Dei har sine turar og sine fritider. Dei er sikra ein viss sum pengar, og har både sjuketrygd og pensjonskasse. Dagleg kan også dei mest langfarande pratast med heimefolket på telefon, og båtane er så mykje sikrare, og vêrvarslingane kjem titt og ofte. Likevel vil det alltid fylgje både slit og spaning med fiske- og fangstyrket, og menn vil vere pendlarar. Og sjølv om kvinnene har eigne yrke i eit moderne ordna, samfunn, og økonomien er god, ja, til dels svært god, vil dei oftare enn andre måtte ha ansvar for hus og gard og born, åleine.

Men dei kvinner som var før oss, og dei eldste mellom oss i dag, dei gav oss ein arv til å gøyme, han er større enn nokon vil tru. Åre vere dei for slitet og for det dei bar!

## Påsketur og isbjørnjakt 1962

Av Hallvard Holm

Livet var annleis på Svalbard tidleg på 60-talet. Før Kings Bay-ulykka og før Svalbard vart oppdaga av det politiske Norge. 12 år før vi fekk flyplass, 20 år før skikkeleg telefonsamband og 22 år før vi fekk direkte TV og Svalbard kom på vêrkartet. 1962 var «gamle dagar» og lenge før snöscooteren vart allemannseig.

Vi var allereie passeleg trøytte då vi såg isbjørnen. Vi hadde starta frå hytta i Agardhbukta ved 10-tida på formiddagen Vi, det var Kristen Bøen frå Davik, eg og fem siberian huskies. Lasset var naturlegvis lettare på heimvegen enn det var bortover fem dagar tidlegare. Kolskanken og veden var att i gamlehytta i Agardh og mykje av hundematen var oppeten, til liks med det meste av menneskematen. Men lasset ruva godt likevel. Dei to reinsskinnsveposane som eg hadde fått Brita Turi i Masi til å sy for oss, var surra på toppen av sleden, ein modifisert Nansen-slede som Kristen og eg hadde laga hausten før.

No var klokka nær 4 om morgonen. Vi hadde gått i 18 timer, opp den steinete Agardhdalen, over Elfenbeinsbreen, langs fronten på Marmorbrean og ned Fulmardalen. No var vi godt forbi Vendomkjegla og langt nede i Sassendalen, og vi nærma oss oppstiginga til Eskerdalen. Vi var trøytte og litt slitne, og vi lengta etter køyane i Passhytta, mindre enn ei mil unna.

---

Det var påskehelga 1962. Kristen og eg hadde starta frå Longyearbyen palmelaurdag med dei fem hundane våre: Kari (førarhunden), Raggen (Ei langragga, sindig og godlynt kjempe), Heidi (Ein trufast slitar, om enn ikkje av dei glupaste), Truls (Ein utolmodig luring med eit hengeøyre. Ein gong beit han meg i baken og gliste til meg etterpå) og Kjappy (Primadonnaen vår som lurde seg unna så godt ho kunne, heilt til Kari snudde seg og glefst etter henne). Fem glade huskiar, fem heilt ulike personlegheiter. Og vi to, Kristen og eg.

Vi stansa og sov litt i Passhytta på vegen bortover, lessa av litt ved og ein kolsekk og noko mat, for vi skulle stasjonere der siste del av påskeveka. Dei om lag fire mila frå Longyearbyen og til Passhytta gjekk greitt, i strålende ver. Vi hadde gått denne vegen nokre gonger før. Hundane framfor sleden og vi to på tunge ski med stålkantar. Den eine av oss i forkant av sleden styrde hundane med korte kommandorop, den andre like etter sleden for å halde att i unnabakkane, for å halde i mot der det var mykje skråkøyring og for å hjelpe til i motbakkane. Elles hang sistemann i slepetauet, slappa av og let seg drage etter, men når han merka at han framme såg litt sliten ut, så skifta vi plass så han fekk kvile litt. Alt var automatisert etter mange turar i lag og både hundane og vi var veltrena. Vi vart som regel sovnige før vi vart utslitne.



Foto: Marit Karlsen Brandal.

Det var det same gode veret dagen etter og turen ned Eskerdalen og skråkøyringa ned til flate Sassendalen gjekk unna i ein fei. Vi skulle austover, tvers over Spitsbergen, same vegen som Sir Martin Conway drog då han i 1896, som den aller første, kryssa den største av Svalbardøyane. Han med hestar, vi med hundespann. Han hadde ingen kart, vårt var ikkje så mykje betre: Eit kartutsnitt i 1:200 000 kopiert på Grubekontoret til Store Norske på eit slag papir som var mest like sprøtt som svidd matpapir. Og no var vi i ukjent terrenget, for oss og for dei fleste andre. Rolf Røberg og Jacob Jacobsen (Dobbelt-Jakob) hadde gjort same turen to veker før oss, men bortsett frå det, hadde ingen gått denne vegen, vart vi fortalt, sidan Hilmar Nøis kryssa over til Austkysten 10 år tidlegare. –Røberg og

Dobbelt-Jakob fekk forresten så därleg ver at dei laut grave seg ned og ligge verfaste i ei snøhole midt i Fulmardalen i to døgn.

Kristen og eg hadde besøkt Hilmar inne på Fredheim før vi la ut på turen for å få gode råd. For den gongen, i 1962, var turen over til Austkysten ein heil ekspedisjon. Og Hilmar hadde teikna inn Overgangshytta oppe i Fulmardalen på kartet vårt.

---

Overgangshytta var full av is og snø då vi kom dit, døra hadde blåse opp. Vi kom oss så vidt over skavlen inne i hytta og fann eit lite hjørne av golvet som var snøfritt. Der sat vi i le, åt nista vår og drakk varm havresupe med rosiner. Hundane skulle ikkje ha mat før til kvelden og frosen drikke hadde dei nok av rundt seg.

Det var eit slit å krysse Elfenbeinsbreen, ukjende som vi var. Breen var til dels snaublåst og blåisen ga därleg feste for både hundar og folk. Og skråkøyringa kunne lett ha ført oss ned i eit morass av brekalving. Det var heller ikkje lett å finne vegen gjennom alle sandhaugane i den berre delvis snødekte morenen som enda nede i Agardhdalen.

Den breie Agardhdalen, som munna ut i Storfjorden, var mest håplaus å ta seg fram i med hundespann og slede, snaublåst og steinete. Vi leita oss fram til dei snøløypene som var der, langs elvebrinken og langs fjellfoten på venstresida av dalen.

---

Gamlehytta i Agradh, ikkje den gamlehytta som står der i dag, men den gamle gamlehytta som brann ned for fleire år sidan, var slett ikkje noko luksushytte. Eit lite og uisolert ytterrom med ein kolbinge, litt ved og nokre reiskapar, hoggestabbe og øks, og plass til hundesar og anna utsyr. Riflene let vi alltid stå ute i yttergangen. Tok vi dei inn i varmen så var faren stort for at dei isa til dersom vi måtte ta dei ut att i kulden i ein fart. Sjølvé hytteromet på 2,5 x 2 meter var heller ikkje isolert, berre enkel bordkledning, men heile hytta var kledd utvendig med solid tjørepapp. To køyar, den eine over den andre, fylde den eine langveggen. Ein liten skipsomn i eine hjørnet, med eit

røykrør rett opp gjennom taket. Ein tom hermetikkboks var tredd ned over toppen av pipa og surra fast for at ikkje omnen skulle blåse full av snø. Eit lite vindauge i veggen ut mot bukta og fjella på andre sida. Eit knøttlite bord under vindaugen og to heimegjorde krakkar. Ei steikepanne og litt anna kjøkenutstyr. Det var det heile. --Eit kongerike i øydemarka, og så langt borte frå folk at det var som om vi to var åleine i heile verda.



Hundespann. Foto: Per Johnson

Rutinene våre etter at vi kom fram til hytta var som alltid når vi var på langtur: Kristen gjekk inn og fyrde i omnen og tina snø til varm drikke. Eg tok meg av hundane. To ski godt ned i snøskavlen med ein lang silkevaier i mellom, med kjettinguttak for kvar av «ulvehundane», med ein avstand mellom dei slik at dei ikkje kunne nå i kvarandre med tennene. Når eg så var ferdig med utearbeidet, med å lesse av sleden og få inn det som skulle inn i varmen, då var hytta alt god og varm, teen var klar, godt sukra og med ein liten skvett av noko styrkande, og kotelettane var snart ferdigsteikte. Og eg kunne tine laus finlandshetta frå skjegget og få av meg dei gjennomsveitte kleda.

Og livet var godt!

Etter ein times tid fekk hundane sin mat: Kvar sin luns med kvalkjøt. Så hylte dei litt mot himmelen og mot kvarandre før dei krølla seg saman i le av skavlen og let seg snøe ned. Medan vi sat inne i varmen, småprata og la

planer for neste dag, drøynde oss vekk og kjende oss i eitt med ein lang fangstmannstradisjon.

Det var kaldt og vindstille då vi kraup i reinskinnposane den kvelden, Kristen i overkøya og eg i underkøya, og vi la i dugeleg med kol for at varmen skulle halde seg så lenge som mogleg. Men vêret i Arktis skifter fort og ut på natta bles det opp, sterkt vind og ein skikkeleg snøkave. Og haglbyer av småstein slo inn i hytteveggen. Ein typisk Agardh-storm frå nordvest der vinden sopa dalbotnen rein. Omnen fekk skikkelig god trekk og temperaturen opp under det lave taket var nok etter kvart nær ei god finsk badstove. Ved eitt-tida vekte eg Kristen som låg halvt avsvima i overkøya. Han kraup seg ut av skinnposen, våt av sveitte og aldeles dekka av laushår frå reinskinna. Saman for vi mest nakne ut i ytterromet som hadde behagelege minus 20. Og vi ville lengre ut, ut i snøen, for å kjøle oss av

Men den gamle gamlehytta i Agardh var ein av svært få fangsstasjonar på Svalbard der ytterdøra gjekk utover. Og på utsida låg no snøskavlen trekvart oppover dørbladet.

Det tok si tid å få opp ytterdøra. Vi måtte bryte laus ei fjøl frå innsida og grave snøen vekk med kolskufla så pass at vi kunne skvise oss ut og få grave resten av døra fri for snø frå utsida. Sanneleg godt at det ikkje braut ut brann og at vi begge var noko smalare om midjen den gongen enn vi er i dag.

Der var ein skummel ting til med denne hytta, i alle fall denne gongen: einkvan hadde mista fleire patroner i kolbingen ute i ytterromet. Godt dei ikkje vart med då vi fylde kol i omnen før vi la oss, mørkt som det var ute i gangen.

---

Hilmar Nøis hadde åtvara oss mot å køyre ut på isen på Storfjorden dersom det var snøkave eller skodde og därleg sikt. Havstraumen ned det tronge Heleysundet og ut i den nordlege delen av Storfjorden mellom Spitsbergen og Barentsøya var ganske stri, så det var ikkje ofte fjorden var tilfrosen over i lengre tid, som

oftast var der ei råk der ute ein stad, og den råka kunne brått flytte på seg og gå heilt opp under land på vår side. Og var du då ute på fjordisen, så var det lita von om beringing.

Og det var potte tett dagen etter, mandagen, skikkeleg white-out der du ikkje ser ein meter i noko retning og heller ikkje veit om du køyrer oppover ein bakke eller er på veg ut for ein skrent, sjølv når du er i flate dalbotnen. Og samevêret heldt seg neste dag også, så sjølv om målet med ekspedisjonen vår var å kome seg ut på isen og så køyre nordover for å jakte på isbjørn, så lytta vi til Hilmars sine ord. Vi heldt oss ved hytta og drog ikkje ut over isen. Rett nok prøvde vi ein aldri så liten tur, men snudde klokeleg hundespannet tilbake mot hytta og underheldt oss etter beste evne med prat og soving og god hyttemat som Dagmar, den hjartegode kokka vår på Funksjonærmessa, hadde laga i stand til oss.

Onsdag morgen varvêret det same og vi ga opp heile jakta, reinsa omnen for oske og la fram opptenningsved og fyrstikker til dei som måtte kome dit etter oss, slik skikken var. Så lessa vi på sleden, skrua lemmen for vindauge og festa slåen for døra, sela på bikkjene og sette kursem heimover, oppover ein Agardhdal som om mogleg var endå meir snaublåst og steinete. Vi skulle attende til Passhytta, 6 mil unna, før kvelden, for neste dag, Skjærtorsdag, skulle vi hente dei to vi seinare vart gifte med i Indre Hjorthamn-hytta, halvanna mil nærmere byen. Dei skulle gå dit på ski.

Og då vi minst venta det, såg vi altså isbjørnen.

--  
I det sterke motlyset frå ei lav midnattssol var kvitbjørnen heilt svart og avstandsvurdering i høgarktis, der ein ikkje har nokon kjende storleikar å samanlikne med, er meir enn vanskeleg. Så vi trudde ei stund at det var ein rev som var på sprang oppover Sassendalen. Men i kikerten såg vi kva det var og snudde tvert og sette kursem over mot austsida av dalen. Eg sprang det eg kunne ved sida av leiarhunden og jaga på dei fem trufaste. Kristen hang over sleden og klamra seg fast medan han løyste riflene som var lausleg surra på toppen av skinnposane.

Vi var ganske nær bamsen då vi kom inn under Flatkollen, så vi stansa hundane, drylte eit par ski i skavlen bak sleden og det andre paret framom leiarhunden og surra spannet fast. Og så la vi på tan til fots.

Bjørnen heldt jamt godt tempo like inn under brinken. Vi kom oss opp på brinken, der det var delvis snøbart og sprang ei god stund jamt med bjørnen for å kome på skothald. Men til slutt orka vi ikkje springe meir. Bjørnen hadde nok betre kondis. Vi slengde oss ned på bakken, stilte sikta på 200 meter, tok ladegrep og skaut. Tanken var å skyte i bakken framfor bjørnen og på den måten få han (Det viste seg seinare at det var ein hann) til å stoppe opp slik at vi kunne ta skikkeleg sikte, men bjørnen heldt fram i jamt trav, og sprang seg rett på ei kule. Vi såg at han rista på hovudet, og så stupte han. Stein daud på flekken.



Jaktiveren og adrenalinet var raskt ute av kroppen då vi sto og såg ned på den døde isbjørnen, ishavets konge, kongen i Arktis. Der var ikkje mykje blod å sjå på den kvite snøen, berre tre små dusjar, som om han hadde pusta svakt ut gjennom nasen eit par gonger før han stupte. Vi sa ikkje noko på ei lita stund. Det heile var ikkje så stor stas lenger. Kan hende angra vi litt og.

--  
Men det vart fort kaldt, midnattsola var no attom fjella og ho varma i alle tilfelle ikkje mykje, og dei sveittevåte anorakkane fraus til eit ispanser rundt oss. Heldigvis hadde vi skikkeleg ull underklede. Mor hadde fått ei dame fram på Grimstad til å strikke meg både ull underbukse og ull underskjorte, same sorten

som far og dei andre brukte på sildefiske vinterstid. Visst klødde det, men eg fraus ikkje.

Vi kunne ikkje stå der og filosofere over den døde bamsen Vi måtte kome oss av garde og kome oss i hus. Og om fem-seks timer tok jentene til på skituren til Indrehytta.

--

Bjørnen var ikkje særleg stor. Sikkert ein toåring som nyleg var jaga bort frå mor si for å klare seg sjølv, så vi lempa heile bamsen opp på toppen av sleden. Ikkje kunne vi få ein isbjørn heller og ikkje kunne vi stå der i kulden og eksperimentere. Så vi la i veg mot Passhytta med den daude bjørnen på toppen av det på førehand rimeleg tunge lasset.



Foto: Per Johnson

Den vesle mila på skrå over flate Sassendalen gjekk veldig greitt, men stigninga opp mot Eskerdalen var eit endelaust slit. Hundane var fantastiske. Dei elskar å springe framfor ein slede, og no ytte dei alt det dei hadde av ekstra krefter, og litt til. Raggen jobba nok for minst to og sjølv forfengelege Kjappy skjøna at no måtte alle gjere sitt og vel så det. Og vi sleit med dei, vi og. Drog alt vi orka, og vi var bra sterke den gongen. Ei stund vurderte vi om vi skulle kaste av bjørnen og hente han dagen etter, men skuva den tanken fort frå oss. Vi skulle ha han med oss opp til hytta.

Berre eit par kilometer frå hytta, like ved den store pingoen øvst i Eskerdalen og like før vi kunne sjå Passhytta, la bikkjene seg rett ned i snøen. Vi skjøna at dei ikkje ville meir og vi

slengde oss på rygg i snøen i lag med dei, vi og. Med solsteiken midt i ansiktet.

Eg meinte etterpå at vi kanskje hadde blunda i fem minutt, men Kristen hevda bestemt at vi sov i minst ein time. Kven som vakna først eller kva som vekte oss, veit eg ikkje, men eg trur det var Raggen som var borte og snusa på oss. Det kunne elles fort ha blitt ein lang og farleg sovn.

Klokka var nesten sju om morgonen Skjærtorsdag då vi endeleg stansa utanfor den vesle hytta, som for ein del var bygd opp av korte fjøler frå tome gruvesprengstoff-kasser. Vi lempa bamsen av og la han inn til hytteveggen, ordna slede og bikkjer, fyrdet opp i omnen og fekk i oss litt varm drikke, mata dei fem slitarane og sovna som steinar.

Klokka eitt var vi klare att, både vi på to og dei på fire, klare for ein halvannan mil lang spurt ned til Indre Hjorthamn-hytta. Ein fantastisk fin dag. Sola varma så det draup av pappen på hyttetaket. Bikkjene var i godlune og vi var høveleg utkvilde og hadde turre klede på. Ein tom slede. Berre vi to og ei rifle, og fem elleville hundar som langa ut i sine eigne spor.


Både Kristen og eg let skia stå att og hadde berre skallar på føtene, så vi byttes på å springe ved sida av bikkjene for å få opp farta og å sitje på sleden, heile vegen ned til Indrehytta.

--

Tidleg i kveldinga var vi tilbake ved Passhytta og medan jentene ordna seg inne og laga oss ein durabel middag, tok vi to fatt på flåinga. Ingen av oss hadde prøvd dette før, så vi let skallen og labbane henge faste i skinnet. Til å få det ville vi få hjelp av fagfolk i Longyearbyen.

Vi fann berre eitt kulehol i skinnet. Kula hadde gått inn like under venstre auge. Så bjørnen hadde nok verkeleg sprunge seg rett inn i ei av kulene våre og stupt momentant. Hundane fekk naturlegvis ete så mykje som dei orka. Vi derimot åt ingen ting av bjørnekjøtet sjølv om det freista oss sterkt med ein isbjørnbiff. Men vi visste at på Grønland hadde dei funne trikiner i kvar fjerde isbjørn, så vi tok ikkje

sjansen. Dei kraftige låra tok vi likevel med tilbake til byen då vi drog heim andre påskedag, for å ha til hundemat. Bogane la vi opp på hyttetaket til seinare bruk. Resten let vi ligge att som mat for reven.



Hallvard Holm

Resten av påska var eit eventyr. Sol og etter sol døgnet rundt og fine temperaturar. Småturar med hundespannet på breane og kollane i nærområdet. Laurdagen tok vi turen inn til Fredheim for å helse på Helfrid og Hilmar Nøis som denne vinteren hadde si nest siste overvintring på Svalbard. Same dagen var bror til Hilmar, Edvin, kona hans Anna og sonen Arne, som då var i konfirmasjonsalderen, komne på påskebesøk til Kongen av Sassen Bay. Dei låg denne vinteren på fangst i Skansebukta, og skulle no vere nokre dagar i hjå slekta i Fredheim. Ei oppleving for oss å vere saman med desse to legendene, Hilmar og Edvin, og med fangstkvinnene deira. --Men det er ei heilt anna historie.

--Og i påskeveka året etter skaut Kristen seg ein bjørn utafor Akseløya.

## Fra meteorologihistorien: Orkanen i Vestisen, april 1952

Av statsmeteorolog og historiker Vidar Eng

Orkanen i Vestisen (området øst for Grønland og nord for Island) i april 1952 senket 5 selfangstskuter fra Troms ("Ringsel", "Brattind" og "Vårglimt") og Sunnmøre ("Buskø" og "Pels") i posisjon ca 68° nord og 18° vest. 79 sjømenn omkom.

Ingen av skutene fikk sendt nødmelding, og det ble ikke funnet vrakdeler som beviselig stammet fra disse skutene. Katastrofen engasjerte hele landet, og det ble samlet inn ca 125 millioner kroner i dagens pengeverdi til de etterlatte. I ettertid har meteorologer og historikere jobbet med å finne ut hvorvidt det virelig var orkan i området disse aprildagene. Varslet for lite vind?


Både de overlevendes beretninger og teoretiske beregninger fastslår med stor sikkerhet at det var orkan i Vestisen, i alle fall fredag 4. april 1952. Orkanen skyldes et møte mellom et kraftig høytrykk med kaldluft i nord og et solid lavtrykk med varmluftsframstøt i sør. Etter de varsler som er tilgjengelige, kan det se ut som om det var varslet for lite vind, og at det varslet som var nærmest å være riktig på storm ble sendt ut for sent. Men både skipenes beretninger og varslene samstemmer i at det var mest vind i den sørlige del av Vestisen. Både styrken av orkanen, kald luft med ising på skipene, og vindretningen på tvers av isoddene kan ha bidratt til å senke skipene.

### Været i området

Hva vet vi om været i ulykkesområdet? Vi har værobservasjoner fra nordkysten av Island, fra Scoresbysund på Grønland og fra Jan Mayen. Vi har også værobservasjoner fra flere av de selfangstskutene som overlevde orkanen. I bøkene som gjengir dette er ikke observasjonene alltid presise hva gjelder tidspunkt, og skutenes posisjon er også usikker. Selfangsskutene lå hovedsakelig i to grupper: de som lå nord for Jan Mayen fikk ikke det

aller verste været, så alle disse berget seg. De 5 skutene som gikk ned lå alle sørvest for Jan Mayen.

Nystrøm/Øynes gjengir værobservasjoner fra "Brandal" som lå nord for Jan Mayen. Men det finnes også værobservasjoner fra noen av skutene i ulykkesområdet sørvest for Jan Mayen, nemlig fra "Selfisk", "Arild" og "Søndmøringen".



Brandal. Foto: Ishavsmuseets arkiv.

Værforholdene som ble observert på "Brandal" som lå nord for Jan Mayen (- 6-19 °C betyr at temperaturen i løpet av dagen falt fra -16 til -19 °C, -19-11 °C betyr at temperaturen i løpet av dagen steg fra -19 til -11 °C Vindstyrken refererer seg til Beaufort-skalaen der 4 er laber bris, 5 frisk bris, 6 liten kuling, 7 stiv kuling, 8 sterkt kuling, 9 liten storm, 10 full storm som er intervallet 48-55 knop):

Tirsdag 1. april: Totalt stille, -13-14 °C.

Onsdag 2 april: Ø 4 økende til ØNØ 5-6, -16-19 °C.

Torsdag 3. april: NØ 7, -21 °C.

Fredag 4 april: NØ 7-8, -19-11 °C.

Lørdag 5. april: ØNØ 10, orkanbyger, -8-6 °C

Oss har også hatt den store æra å ha Kronprinsparet og Fylkesmannen på besøk, og

oss ser det som ei ære og ein konfirmasjon på vårt ansvar som eit viktig kystmuseum at det var dette dei hadde lyst å sjå når dei var her på Hareid.

Det vart ei flott og minnerik stund, som vi er glade over å ha fått opplevd. Ikkje minst rørte det meg som styreleiar då Kronprinsparet helste på ishavsveteranane. Eg trur det gjorde godt for dei og.



Kronprins Haakon, Kronprinsesse Mette-Marit, styreleiar Willy Nesset og ordførar Anders Riise kjem ut frå Aarvakhuset.

No skal vi ikkje dvele so mykje ved det som var og har vore, men sjå framover. Mange store arrangement og plikter står i kø dei komande månadane, men dette er eg viss på oss skal makte å gjennomføre. Ishavsmuseet Aarvak framstår no meir og meir som eit viktig og tydeleg nasjonalt senter for det polare Noreg, og oss skal berre stå på vidare og gjennomføre alt som vi har planlagt.

For oss er viktigast å formidle og dokumentere endå betre det vi skal ha fokus på, og eg kan forsikre alle om at vi har handlingplan for dei neste åra som vil gjere at vårt museum vil framstå endå viktigare i det nasjonale bildet.

Sjølv sagt må vi gjere dette etter prinsippet " å setje næring etter tæring". Oss må vite oss er finansierte før oss set i gong!

Vi håper derfor på framleis god hjelp og støtte frå våre samarbeidspartnarar og frå vår kommune, og kanskje også stat og fylke vert overbevist igjen, at alt dette som vert formidla og synt fram her i ishavsbygda er verdt å støtte opp om. Og vi treng støtte og positive ord frå deg, vi ynskjer sjå deg so ofte som mulig, vi ynskjer å vite at du også er gla i dette fantastiske museet! Med di hjelp makter oss det meste!

No er det snart sommar og late dagar, men eg håper at oss får oppleve godt museumsbesøk gjennom sesongen, samt at folk strøymer til museet på desse spesialarrangementa våre.

Vi har nettopp hatt ei heidundrande trekkspelhelg om bord i jubileumsskuta, til ære for det instrumentet som nok kan kallast ishavets instrument, nemleg trekkspelet.

Vidare vert det gudsteneste på skutedekket i juli og so går det slag i slag utover hausten. Eg ber dykk spesielt legge merke til siste helga i august med stor jubileumshelg med bl.a. besøk av den Norske Marine, av Alex Rosen, og mykje mykje meir!

I nært og godt samarbeid med arrangørane av Brandalsdagane som skal foregå same helga. Eg har lyst å takke alle som har stilt opp for oss gjennom denne våren, enten ved ei frivilleg dugnadshand, eller gjennom direkte stønad. Har også lyst å takke ekstra våre sponsorar, samt Hareid Kommune som har sett kor viktig dette museet er for kommune og region. Sanneleg har Ishavsbygda, regionen og alle ishavets venner mykje å gle seg til og mykje å ta del i framover! Ha ein retteleg god sommar!

Willy Nesset, styreleiar



## Walter Molt – overvintring Nordaustr- Grønland



Walter Molt dreiv overvintringsfangst på Nordøst-Grønland i 1932 – 1933, og frå 1934 – 1935. Begge gangar med hovedbase ut fra Hoelsbu, som ligg i Moskusoksefjorden i Kong Christian X Land (Erik-Raudes-Land, 1931–1933) på Nordøst-Grønland.

Med base i Hoelsbu, hadde dei spreidt rundt i fangstområdet fleire «bistasjoner» som dei bl.a. brukte når dei var ute og såg etter fellene.

En av bistasjonane låg på vestsiden av Nordfjorden, i «Strindbergs-Land», derpå denne stasjonen bar navnet «Strindberg».

Utdrag av dagboken frå 1934-35:

Side 265: Strindberg, onsdag 05.06.35. «Eg har gravet litt i tomtene efter eskimo-gammene straks bort for hytten. Har funnet litt forskjellig småterri».

Side 283: Strindberg, 26.06.35. «Har gravet i eskimogravene og funnet en del ting».

Side 290: Strindberg, 09.07.35. «Vi har gravet litt i eskimogravene og funnet forskjellig. Råum fant et kokekar av sten».

Det som er utstilt, er eit resultat av desse utgravingane på «Strindberg» våren 1935. Deler av denne samlingen, er truleg frå så langt tilbake som frå 1500 tallet.



Samlinga av eskimogravfunn er gitt til museet av Inger Annie Molt, sonedøtter av Walter Molt.

**Vi støttar opp om lokal  
idrett og kultur**



Vi utfører alle typer overflatebehandling for industrien  
[www.westcoat.no](http://www.westcoat.no)

Aktiv  Omsorg

Tlf.: 700 13 111

## Ny bok om ishavsskuter fra Nord-Noreg.

Av Finn Sindre Eliassen

Odd Magnus Heide Hansen:

Ishavshistorier.

Historene til ni ishavsskuter. I tillegg historien om verdens største hvithvalfangst tatt med landnot.

Den utrøyttande Odd Magnus Heide Hansen


kom sist haust ut med endå ei bok – den fjerde i rekka – om ishavsskuter fra Nord-Noreg. Denne gongen kan vi lese historien til S/S Samson, M/S Isblink, M/S Hisø, M/S Blåis, M/S Istind/Selbarden, M/S Polarkyst, M/S Terningen, M/S Stairs og M/S Burøy/Sel.

Vi kan lese om S/S Samson som er omtalt i ein artikkel annan stad dette nummeret av Isflaket, nemleg den om selfangsten på Newfoundland. Samson reiste frå Tromsø i 1928 og vart med på den kjende sørpolsekspedisjonen til Richard Byrd. Det var norske sjøfolk, mellom dei fleire frå Tromsø som førte Samson først til Bergen og seinare heilt over til Amerika. Nokre tromsøværingar vart med heilt til Sørpolen.

Ei anna av skutene som er omtalt, er Polarkyst. Ho forliste i Austisen 31. mars 1957. Leiv Isaksen med Godøyenes berga mannskapet på Polarkyst med minst mogeleg margin.

Ei tredje skute som Heide Hansen tek for seg er Svalbard. Skuta var leid inn av sysselmannen. Ho var med på leitinga etter Roald Amundsen og det franske flyet Latham i 1928. Etter krigen blei Svalbard forsterka til isgåande fartøy og blei brukt til fangst kring Spitsbergen. Namnet blei endra til Blåis.

I 1952 tok Ingvald Herleif Wahl den største fangsten av kvitkval som nokon har teke med landnot. Han var fangstleiar om bord i skuta



Isrypen av Balsfjord. Dette og meir til kan du lese om i denne boka.

Odd Magnus Heide Hansen fortener stor honnør for det viktige arbeidet han gjer med å ta vare på historia om den nord-norske selfangsten i Arktis.



### Plukkfangst:

Kva skal ein kalle folk som bur på Grønland i dag? Eg har drøfta dette med eit par av dei som bur der og svara var greie: Inuit (= menneske) var greitt nok, men det er mest som å kalle ein nordmann for nordisk. «Nordisk» omfamnar alle som bur i dei nordiske landa, og det gjer jo nordmenn og. Det er det same med «inuit». Inuittar finn du ikkje berre på Grønland. Dei eg snakka med hadde heller ikkje noko imot verte kalla eskimo (= dei som et rått kjøt), men det avgrensa dei heller ikkje til «nasjonen» Grønland. Helst ville dei at ein person frå Grønland, forståeleg nok, skulle verte kalla grønlendar.

(HH 2012)

## SKREDDARSÝDDE PRESENNINGAR



 PLANY

PLANY AS NO-6082 Gursken NORWAY T: +47 70 02 68 20 F: +47 70 02 68 21 salg@plany.no www.plany.no


www.plany.no

## Newfoundland - 30 år sidan norsk selfangst tok slutt

Av Finn Sindre Eliassen

Siste året for norsk selfangst på felta ved Newfoundland, var i 1982. Det året var desse tre norske skutene på fangst der vest: Polarstar, Melshorn og Veslemari. Sidan den tid har ingen norske skuter teke turen til dette feltet. Med det var ein æra på 44 år slutt.

Det var i 1938 det tok til med dei to sunnmørsskutene Polaris og Polarbjørn. Det må nemnast at der var stimbarkar som hadde prøvt seg fleire år før. Samson var der i 1912, Lloydsen året etter. I 1914 til 1916 var Samson og Njørd av garde. Det er interessant at den kjende skipperen Johan Olsen førte Njørd i 1915. Olsen sa seinare at han aldri i sitt liv hadde sett så svære samlingar av sel som dei han kom over i Belle Isle-stretet mellom Labrador og Newfoundland i 1915. Lasteskipet Ora prøvde seg også på feltet der i 1937, alle utan særleg hell. Dei hadde mellom anna for lite maskinkraft. Men denne gongen gjekk det betre.



Kart frå boka *Ishavet som arbeidsplass*,  
utgjevar Alta historielag.

Både Polaris og Polarbjørn kom heim med full last. Dei kunne fortelje at der var gode fangstforhold og greie overseglingar.



*Polaris. Bilde er teke når skutene ankom Newfoundland første gang i 1938.*

Mange i det norske selfangstmiljøet hadde lenge snakka om å ta den lange og harde overseginga over Nord-Atlanteren til dei rike fangstfelta ved Newfoundland. Det var mange grunner til å sjå seg rundt etter nye jaktmarker: for mange skuter og hardt trykk på selbestandane på dei andre fangstfelta, særleg i Vestisen; i Kvitsjøen var sovjetrussiske oppsynsskip ei jamn plage; og det var generelt därleg tider på 1930-talet.

Dei gode røynslene som Polaris og Polarbjørn gjorde på prøvefangsten i 1938, gjorde at mange fleire skuter blei rusta ut året etter, ikkje berre frå Sunnmøre. Også dei nordnorske skutene Quest, Isfjell, Selis, Nyken og Saltdalingen la frå kai med kurs for det nye fangstfeltet. Frå Sunnmøre fekk Polaris og Polarbjørn selskap med Arktos.

Men dette året skulle overseglinga bli alt anna enn grei. Skutene møtte tung sjø og uvêr med det same dei forlet hamn i Noreg. Dei tre nordnorske skutene Nyken, Saltdalingen og Isfjell som gjekk i lag, møtte kraftig uvêr straks dei hadde passert nord om Island. Lågtrykka kom på rekke og rad frå vest. Mennene som overlevde, har seinare fortalt at sjøane var høge som fjell. Nyken frå Gratangen var den første som fekk problem i eit drama som varte i fleire døgn. Sjøen fylte maskinromet, knuste overbygget og gjorde eit vrak av skuta. Fleire skuter sette kurset mot Nyken, men dei kom



Rorvakt ved naudroret til Arktos i Nord – Atlanteren i 1939. Ola Strømmen, Rugsund (t.v) og Sigmund Bøe, Gurskebotn. Det var ei hard tørn i stormen.

for seint fram. Skuta fekk nye brotsjørar over seg og forliste med alle 18 mann før hjelpa kom fram.

Isfjell og Saltdalingen og forliste også. Men begge mannskapa vart redda etter heroiske bergingsaksjonar. Mannskapet på Saltdalingen vart bærga frå ei sokkeferdig skute av Polaris og Polarrbjørn. Alle kom frå det med livet i eit drama som seint blir gløymt. Mannskapet på Isfjell vart tekne om bord i passasjerskipet Drottningholm, eigde av Den svenske amerikalinje. Utruleg nok greidde dei å hjelpe alle mennene levande om bord i Drottningholm.

Sjølv om det ikkje noko anna år gjekk så gale som i 1939, seier det seg sjølv at det var ein risiko å segle over Nord-Atlanteren med små skuter i slutten av februar. Stormane var ikkje det einaste dei måtte passe seg for. Også isfjella var eit faremoment. Mange er historiene om kollisjonar og nestenkollisjonar på turane over havet. Det vert fortalt at overseglinga til Newfoundland tok alt frå åtte til 18 dagar. Johan Gjerde, den kjende maskinisten på Polarstar med meir enn 25 turar til fangstfeltet ved Newfoundland, fortalte til Johannes Alme at kvar oversegling korta livet hans med eit år.

Fangsten ved Newfoundland gjekk føre seg over fem breiddgrader frå Notre Dame Bay på Newfoundland i sør, nordover forbi Bell

Isle-stretet til nordenden av Labrador-kysten. Nokre år var det ei norsk skute som hadde lov til å fange selungar inne i Golfen. Det var Polarstar.

Isen på feltet var for det meste eitt år gammal. Det var ikkje fritt for isfjell. Og litt eldre is kom drivande frå nord. Men er ein komen inn i isen, er feltet flatt og fint så langt augo når. Men det var mange grunnar og skjer som skutene måtte passe seg for. Og straumen kunne vere stri.

Dei rike fangstfelta på Newfoundland var med på å endre den norske fangstfloten, skutene blei bygde større og sterkare og fekk større laste- og bunkerskapasitet. Allereie frå starten i 1938 såg reiarane at dette trondst. Det var dei store stålskutene som vart dominante på dette feltet. Den første spesialbygde stålselvfangaren var Polarstar som hadde sin første tur i 1949. Men også eldre treskuter vart fornya og forlengde for å brukast på Newfoundland.

Johannes Alme har i boka si «Ishavsfolk si erfaring» intervjuet fleire veteranar som hadde lang fartstid frå felta ved Newfoundland. Eg skal her ta med det meste av det Nils og Reidar Pilskog fortel. Begge var med Melshorn på siste turen vestover i 1982.



Nils og Reidar Pilskog (th) her i samtale med Kronprins Haakon under besøket på Aarvak 24. mai. Foto: Bjørn Teigene

Nils Pilskog, fødd 1931, var på feltet kvart år frå 1957 til 1976; han fortel: » Newfoundland, isen der borte er langt mjukare enn i Vesterisen, men hardare enn softisen i Austisen. Der finst to år gammal is også der borte, i tillegg til litt fersk havis og isfjell.



*Skipper Nils Pilskog i stolen sin om bord i Melshorn.*

Vi kursa som regel for Spotted Island, selkastet var ofte der oppe, ja, i blant heilt inne på Hamilton Inlet, men der var vi forsiktige med å gå så langt inn, både på grunn av holmar og skjer, men også på grunn av den kanadiske fiskerigrensa. Isdrifta på feltet var ofte oppe i både 20 og 30 nautiske mil i døgnet. Straumen går alltid sørover, og får ein vind i tillegg, som er vanleg, er det fort gjort å verte faste.

Farar der borte var sjølv sagt grunnane; spesielt om det kom austleg vind måtte vi passe på så vi ikkje vart sette inne av isen og pressa innafør. Bell Island-sundet var også farleg, der torde vi aldri legge oss til. Var vi inne og fangsta på dagen, gjekk vi alle tidleg utfor til kvelden, for ikkje å risikere å verte tekne av straumen og førde inn. Også nede på Notre Dame Bay var ein farleg plass. Der pressa isen alltid mot land, og kom det vind også, så pakka det seg utruleg fort. Det var her nede ved Twilling Gate Veslekari, treskuta, forliste. Polaris miste roret her nede den same gongen, det var slikt ispress at det kom opp langs med sida, så det var berre å ta stropp i det og hive det inn på dekk! Det som skjer her er at isen stoppar mot land, og ein får eit voldsomt press.

Isen går frå nord til sør, og kjem ein for langt inn, så stoppar isen, og ein kan i praksis vere

fast berre av den grunn. Det er ikkje vanskeleg å verte fast.



*Polarhav og Polarstar faste på Newfoundland.  
Foto: Yksnøy*

Seinare då vi fekk ein motor på 1500 hk, vart det mykje enklare; då klarte vi å forsegre meir is, og kunne vere litt meir avslappa når vi merka at vi var komne vel langt inn i isen. Motorkrafta er eigentleg alfa og omega same kva felt ein er på.

Fekk vi austavind i ungselen på Newfoundland, var fangsten langt på veg spolert.

Klappmysskastet var alltid 50-60 nautiske mil søraust for selkastet!»

Så langt Nils Pilskog.

Reidar Pilskog, fødd 1928, har meir enn tjue turar som skyttar og fangsleiar på feltet; han fortel: «Vi såg aldri isfjell på overseglinga til Newfoundland. Nordlendingane møtte iblant isfjell, men dei gjekk nord for Island for å få medvind.

Polarquest gjekk seg på grunn på Island, det skuldast magnetiske forstyrningar, eit fenomen



*Theta og Beater i Newfoundlandsisen. Foto frå Otto Holstad*

som vissnok er godt kjent. Det var ei stor treskute, med halvdekk både foran og akter.

Vi brukte å kurse for South Wolf Island – det er ofte på Hamilton Inlet selkastet vert funne. Iblast var her lite is, og då var fangsten ofte langt inne. Der var også skuter som vart tekne for å vere innafor grensa.

Sjølv om vi vart faste i nærleiken av fangsten, så var folk på isen og fanga dagleg. Har også vore med på at vi har vore inne i isen, men gjekk ut på grunn av därlege meldingar. Det var meldt nordvest, vi gjekk ut, og kom rundt South Wolf Island, og kom oss inn på austsida, og fekk fortsette fangsten, og fann også att fangsten vår som låg på isen. Den nordvesten sette isen så hardt saman at skuter vart sette opp imot øyane, og dekk på skuter vart pressa opp. Selkastet kunne verte funne lenger sør også, men Notre Dame Bay var liksom skrekken, der samla isen seg og kunne lage eit enormt press. Det var der nede Veslekari forliste, og Polaris miste roret. Det same var

eigentleg heile vegen nedover; kom skutene for langt inn i isen, så kunne dei verte sette inne, og måtte følgje isen og straumen nedover. Kom innom både Gråøyane og Bell Island. Isen kunne drive med både 20 og 30 nautiske mil i døgnet. Det var om å gjere å ikkje kome for langt inn i isen.

Eit år stoppa vi med Belle Island, kastet kom nordanifrå, vi låg og passa på og plukka dyra som kom drivande, men kom ein for langt inn, måtte ein følgje isen inn og gjennom Belle Island-stretet. Og kom ein gjennom der, måtte ein gå rundt, ein kunne ikkje gå ut Strait of Belle Island. Eit år tidleg møtte Polarstar klappmyssen heilt nede ved Funk Island. Då kom dei frå Golfen. Det er eksempel på skuter som vart faste på Hamilton og som ikkje kom seg lause før dei var nede på Notre Dame Bay, og på veg austover ved Fogo Island. Når skutene var faste slik, kunne dei verte sette imot både skjer og holmar og isfjell, utan å kunne gjere noko som helst. Dei kunne vere så oppskrudde at dei måtte forlengje inntaket for å få kjøling på motoren.



Polarhav Newfoundland 1964. Foto frå Sigmund Bøe

Pass på å ha dønning og følg med fargen på sørpa; vert ho kvit, er det fare på ferde – det er ein god leveregel på ishavet.

Polarhav og Polaris låg lenge faste der nede. Trur det var Jonsok før dei var heime.

Eit år måtte vi heilt ned til Funk før vi fann selkastet. Nord for Funk var det straum inn, og der måtte ein passe godt på for ikkje å verte dregen inn og sett fast. Mykje holmar og skjer inne, men utan kart og fast i isen har ein ikkje noko ein skulle sagt.

Generelt lagar sørleg vind og nordleg straum rimeleg bra forhold.

Største faren på Newfoundland er isfjella og grunnane. I år med lite is kunne ein oppleve at ein måtte inn på bayane for å fange, og det braut rundt dei. Det verste er å liggje fast og verte ført med isen. Det hendte oss eit år vi vart faste og vinden sette oss imot eit skjer rett nord for Belle Island, til slutt vart vi førde på utsida. Vi kjente at skuta hogg nedpå ein gong, men heldigvis fekk vi ikkje nokon skade.

Eit år låg vi nordaust for Gray Island, og då hadde det snudd. Isen sette saman og vi gjekk for full maskin utover, likevel var det berre så vidt vi kom oss ut før det var for seint, og hadde vi vorte faste då, hadde vi vorte liggande lenge. Ei skute som var i lag med oss, vart sett fast og måtte få floge ut mat utover sommaren for ikkje å svelte.

Det var eit rikt felt og eit fint felt å fange på.

Isfjell ein såg og møtte på Newfoundland, var ein god del mindre enn dei som var i Danskestretet, dessutan var det mindre av dei. Likevel var dei eit faremoment. Om isfjella stod på grunn, kunne skuta om ho vart fast i isen verte sett imot isfjellet, eller på andre måten: om ein låg fast i isen og eit slikt isfjell, gjerne ustabilt, kom med straumen imot skuta, kunne ein verte knust og forlise. Eg har hørt om fleire andre skuter som har rekna med å verte tekne av isfjell på Newfoundland, men så langt eg kjenner til, har det alltid gått bra.

Også påskestormane som var tradisjonelle i Vesterisen, kunne vi merke på Newfoundland. Og i 1959 då eg var skyttar på Jan Mayen med skipper Ole Follestad, venta vi til første

påskedag (29. mars, red. merk.) før vi gjekk frå Newfoundland og stor dønning etter stormen hadde vi heile vegen heim att.»

Så langt veteranen Reidar Pilskog.



Skuter i råk. Foto: Otto Holstad

At der var pengar å tene på Newfoundland, har eg eit personleg minne om. Våren 1964 kom ein kamerat og jamnaldring heim frå Newfoundland etter ein stortur med Polarbjørn. Det var gode prisar på skinna det året. Og kameraten min fortalte at han hadde ein lut på kring kr 20 000. Det var mykje pengar den gongen. Men eg hugsar godt at dei fekk føter å gå på. Mange føter. Vi var mange den sommaren som hjelpte til med å bruke opp pengane han hadde tent.

Med åra blei fangsten ved Newfoundland regulert for å sikre selbestanden. Havforskar Birger Rasmussen som nokre av oss sikkert hugsar, hevda i 1962 at selbestanden ved Newfoundland hadde vorte halvert siste tiåra. Det og andre ting førte til at kandiske styresmakter avkorta fangsttida. Så skjedde det at Kanada utvida fiskerigrensa. Det blei også forbode å fangste i Golfen på slutten av 1960-talet. Det kom reguleringar på fangten av vaksne dyr. Det enda opp med skutene fekk kvotar å halde seg til. I tillegg til vanskelege tider for selprodukt, gjekk dette på lønsemda laus. Ingen norske skuter har fangsta ved Newfoundland sidan Melshorn, Veslemari og Polarstar kom heim i 1982. Ein æra var til endes.

Kjelder:

Ellefson, Einar S. Og Berset, Odd: Veslekari, en fortelling om is og menn.

Alme, Johannes Bjarne: Ishavsfolk si erfaring.

Ottesen, Johan: Skuter på selfangst,

## Storlire ved Øst-Grønland.

Av professor Bjørn Berland

- I en artikkel nylig om «Observasjoner over fugl i drivisen» (Fauna bd. 14 s. 6-19, 1961) presenterte jeg en del observasjoner over storlire, Procellaria gravis, utenfor kysten av Sydøst-Grønland. Ifølge litteraturen er denne art tidligere sett meget sjeldent i disse farvann, mens den derimot er ganske vanlig om sommeren ved Vest-Grønland og i Davisstredet. Som det fremgår av min artikkel har jeg mange ganger sett storlire utenfor kysten av Sydøst-Grønland om sommeren, og den tør være atskillig vanligere der enn hittil antatt.

I tillegg til de gitte observasjoner kan jeg gi følgende tilleggsopplysning. På tokt med r/v Johan Hjort befant vi oss om morgenen den 29. august 1961 nær land like ut for munningen av den sørligste fjorden i Skjoldungen, Øst-Grønland, på ca. 63° n. b. Det var klarvær og sol, havet var helt blankt, og det var omtrent fritt for is under land. Da vi gikk mot Umanakfjorden (Senesteds fjord) like sør for Skjoldungen, observerte vi i dette området - forholdsvis nær land like ut for og sør for Skjoldungen - mange flokker med storlire liggende på sjøen. Bare ganske få fugl var på vingene.

Vi gikk tett forbi og tildels gjennom flere flokker. Fuglene bare flakset og padlet seg i sikkerhet passe langt unna skuten, hvorpå de la seg til ro igjen. De hadde utvilsomt vanskeligheter med å fly, og det er mulig at de var fullstappet av mat. Bare et fåtall kom seg på vingene.

Det er vanskelig å si hvor mange flokker det kunne være, men jeg skulle anslå ihvertfall enkelte av flokkene til å bestå av 100-200 fugl, andre kanskje bare av 50 eller 100. Alt i alt tror jeg at det må ha vært samlet minst et par tusen storlirer i dette området.

Om ettermiddagen den 30. august 1961 passerte vi samme området på vei nordover, men da ble det ikke sett storlirer her. Heller ikke i begynnelsen av september så vi storlirer på bankene utenfor Kapp Dan.



■ ***Chilled Fish Handling With Care***



■ Konsulent selskap for spesialiserte tjenester innenfor Maritim og Offshore aktiviteter. For mer informasjon vennligst se vår nettside [www.boatlabs.no](http://www.boatlabs.no)

# Beretningen om Aarvaks dramatiske tur til ishavet i 1920.



Av Simon Flem Devold

Ingvald Lorgen, 79 år og bosatt i Ålesund, var stuert ombord i "Aarvak" på denne harde turen i 1920.

Vi skal her gjengi historien slik han forteller den.

- Jeg husker det som det var i går, for jeg har så ofte gjennemlevd dette i tankene, sier Lorgen, - jeg har også skrevet det ned, det er nå en vane jeg har lagt mig til. I de senere år har jeg ført dagbok når det var noe spesielt som hendte, for eksempel da kona og jeg var på besøk hos datteren vår i Canada. Vi har vært der to ganger, og første gangen i 1960, i ett helt år.

Men det var ikke dette jeg ville fortelle om. Du må helst ikke skrive det heller, det var "Aarvak" denne gangen.

Båten var ei typisk selfangstskute på vel 100 tonn. Den var spiss i begge ender, samme form som redningsskøyteene på den tiden og denne formen var utmerket i isen. Skuta hadde en dampmaskin på 75 hestekrefter og var dessuten utstyrt med mesan, storsei, toppsei og fokke. Maskinen var helst tenkt til bruk inne i isen, for vi kunne ikke ha med oss nok kull. To fangstbåter hadde vi, og besetningen var skipper, maskinist, to skyttere, åtte fangstmenn og så jeg, stuerten. Den ene fangstmannen var islending og en annen var hollender. Han hadde rømt fra ei hollandsk seilskute. Begge utlendingene var - det må jeg kunne si - av tvilsom kvalitet. Da de kom ombord hadde de ikke annet tøy enn det de sto og gikk i.

Men så fikk vi ombord en 19 års førstereisgutt.

Lyslugget og kjekk. Foreldrene hans hadde så mye imot at han skulle bli sjømann, dei hadde andre planer for guttens fremtid. Men gutten var lysten på sjøen, og hadde mast så lenge at de hadde gått med på at han skulle få ta i



allefall denne turen, så fikk han se hvordan det var.

De hadde vel ett håp om at det harde livet på sjøen og isen skulle kurere ham for denne trangen til sjøen. De hadde utstyrt ham godt, en kunne se det med det samme han kom ombord, smilende og åpen. Her hadde en omsorgsfull mor pakket sekken. En hel skipssekk full av undertøy og strømper av beste sort. - Du selv, Lorgen, du var bevant sjømann?

- Det var nå ikke meg vi skulle snakke om. Jo, jeg hadde flere turer på sjøen før og to år på ishavet. Jeg visste hva jeg gikk til. Men la meg fortelle litt mer om selve skuta. Det var ei treskute og rundt agterenden var det ett gelender, omlag 75 cm høyt, opp på ei ganske lav rekke. Akterut var det ei kahytt for skipper og maskinist. Og på dekk var ei kaising av jern med rorhus og bro. Under broa var byssa med dør på begge sider og to runde lysventiler i veggen som vendte forover, slik at jeg som hadde mitt arbeide der, hadde utsikt over dekket.

Forut var det en stor felles lugar for fangstfolka og en mindre for meg. I rommet var der store jerntanker som skulle fylles med spekk når vi kom i fangst i isen. Fra mannskapslugaren var der adgang til rommet gjennom ei lita dør i skottet. Der hadde jeg en stor jerntank til proviant, slikt som poteter, hermetikk, margarin og mye annet. Mel og kolonial ellers var stuet andre steder i båten. Saltkjøttet var surret fast på båtdekket.

Jeg forteller dette nokså detaljert for denne turen skulle vise sig å bli ganske spesiell, fra begynnelse til slutt. Vi hadde det nesten på følelsen helt fra vi la ifra kaia, det var som en spenning i lufta mellom oss.

Vi visste ikke hva det var, men jeg tror at vi følte det alle sammen, helt fra den dagen i begynnelsen av april, da vi kastet loss, at denne turen ikke skulle bli som alle de andre. Det var jo alltid en viss usikkerhet. Mange var omkommet i isen, andre var forlist i uvær på havet. Ingen radiokontakt var mulig den gangen, det var de første skutene som kom hjem som kunne bringe med sig nytt. Gode nyheter og dårlige nyheter. Og nyhetene kunne være flere måneder for dem som satt hjemme og ikke visste noe.

- Du vet de hadde nok sine tunge stunder, når det blåste opp til storm, og i sovnlose netter når tankene ikke ville roe seg.

- Du hadde selv familie?

- Jeg hadde jo slekta på Ellingsøya, og dessuten var jeg gift og hadde barn. Fire barn fikk vi. Kona hentet jeg i Lillehammer, og vi er så heldige at vi lever sammen og har det godt begge to.

- Hentet du kona di så langt unna?

- Ja, jeg hadde no flakka litt omkring på landjorda før jeg gikk til sjøs. Verneplikta tjente jeg i Kongens garde, og så møtte jeg denne dama da, langt inni landet. Hun var ikke nettopp budd på å bli sjømannskone og sitte og engste sig hjemme i månedsvis i det uvisse --

- Å nei, det var nok rart for henne. Vi giftet oss i 1914, og hun visste ikke noe om at mannen hennes skulle reise ut nesten med det samme. Men jeg har den gleden at hun sier til mig til stadighet, og har gjort det fra første dagen: - Jeg har ikke lengtet herfra en eneste dag, sier hun.

- Så satt hun hjemme og ventet. Hvordan tok hun det? - Hun tok det som ei sjømannskone.

Måten han sier det på - større anerkjennelse og heder kunne han visst ikke gi noe menneske, - Sjømannskone!




*Aarvak med seglfering i isen. Foto: skipper Vebjørn Landmark, Ishavsmuseets arkiv.*

- Hun var jo vel bevant i 1920, da vi la ut på denne turen. Men i den tida var det jo slik - ingen visste noe fra du sa adjø i kjøkkendøra og til du sto der igjen.

Men du får mig på avveier. Vi hadde tatt ombord proviant for to-tre måneder, vi var en måned for seint ute til ungselen i Vesterisen, så vi kunne bare gjøre en kort tur og så komme hjem og utruste oss for klappmysstur i Danskestredet i juni. Kull hadde vi i jerntankene, det måtte taes opp igjen derfra etterhvert som det trengtes i maskinen. Og så var det ammunisjon til Krag-Jørgensen geværene, som ble brukt til å skyte sel med. Hakapik var også med, den ser ut som ett hakkegreb, men mye spissere og med lenger skaft. Den var både til forsvar mot farlige dyr, og til å drepe med i fangstingen.

Vi var kommet til april, og hadde fått utstyr og mannskap ombord.

Vi skulle gå sammen med en annen selfanger som også var blitt forsinket. Det var vanlig at en prøvde å gå sammen med en slik kameratbåt, som vi kalt det. Det var tryggere på den måten. Verdenskrigen var nylig avsluttet og havene krydde av drivende miner. Om ulykka skulle vere ute, så kunne det vere bra å vere to i følge. Dessuten så var det litt selskap i det å kunne se annet liv på det åpne havet. Den andre båten blev ført av Tor Olsen, en dyktig kar, og bror av den vidgjetne Johan Olsen. Men skipperen vår var ikke noen nykomling han heller. Det var Vebjørn Landmark, og vi hadde en slik urokkelig tillit til ham. Han var viden kjent for sine bravader på ishavet, for mot og oppfinnsomhet i vanskelige situasjoner. Og han hadde ord på sig for å være beskyttet, på en måte. Vi fikk snart oppleve noe som styrket oss i den troen.



Skipper Vebjørn Landmark.

De siste par ukene av mars hadde gått med til utrustningen, i begynnelsen av april la vi ut.

"Aarvak" gikk først, og det var avtalt at den andre skuta skulle følge nøyaktig i kjølvannet vårt. Den andre skuta var utstyrt med motor, ikke dampmaskin slik som vi hadde.

Mye folk var møtt opp den dagen vi skulle kaste loss og hive opp ankeret. Mange pårørende var møtt opp, og blant dem var foreldrene til Sverre Haugland. Jeg stod der ved rekka sammen med ham, og så at han strevde med en klump i halsen, selv om han smilte det beste han vant.

Foreldrene smilte også tilbake, og vinket. Men jeg så at det var hardt for dem

å holde tårene tilbake, og mor hans måtte finne frem lommedukken til slutt. - Du har ikke lyst til å gå til land igjen nå da -? spurte jeg. - Nei det er sjømann jeg vil bli.

- Ja så må du vinke til mor di da, du ser vel at hun står og gråter.

Så var det tre lange støyt i dampfløyta, og all forbindelse med land var brutt.

Fra nå av var vi fjorten mannlige som skulle leve sammen på en selfangstskute på ubestemt tid. Det var vel flere enn Sverre som svelget hardt. Bare de to utlendingene, hollenderen og islendingen, stod og flirte ved rekka. Kanskje var de like glade at vi kom i sjøen fortest mulig.

Skipperne hadde bestemt at vi skulle gå innaskjærs til Halten fyr. Vi gikk for maskin nordover, det var vakkert vær og lite vind, så seila ble ikke heist. Det tok omlag ett døgn fra Ålesund til Halten fyr. Med 75 hester maskin og tobladet propell blir farten i fint vær omlag 6 knop.

To-vinget propell hadde vi av praktiske grunner. Når isen er tett blir maskinen stoppet slik at de to vingene står loddrett etter stilken. Så er de ikke så utsatt for å bli ødelagt i storisen.

Vi kom ut i Frohavet, like sør for Halten fyr, og slo stopp i maskinen. Så kom den andre selfangeren så nær opp til oss at de to skipperane kunne rope til hverandre og avtale reisen videre. Det ble bestemt at vi fortsatt

skulle gå først. Vi hadde farten, men vi skulle passe på å gå så moderat at de kunne holde følge.

- Husk å følge like i kjølvannet - som en hund i band! Da er du tryggest Olsen, spørte skipper Landmark.

- Vi skal henge på deg som ei spytteklyse, vær sikker! svarte Olsen.

Det ble satt ut vakter og gjort klart skip, lukene ble skalket og det ble slått halv fart forover. Kameratbåten fulgte omlag 500 meter akterut. Været var bra, en lett sørvestlig bris, men så svak at det lønte seg ikke å heise seil. Da vi hadde gått til kaffetid om ettermiddagen, sto jeg sammen med maskinisten, Lars Ellingsæter, ute på halvdekket. Vi prater og ser bakover til den andre skuta, da ser vi at vår egen båt lager en stor sving, dreier dyktig i en god krok, før den kommer på rett kurs igjen.

- Skal tro hvem det er av førstereisguttene som står til rors nå, og lager slike svære kroker i kjølvannet? spurte jeg. Ja, det fikk vi nå ikke svar på, men maskinisten sa :

- Nå skal du se at den andre skuta tar akkurat samme svingen som vi tok. Tor Olsen har nok gitt vakta ordre om å følge oss til punkt og prikke, - de har sin egen måte å spøke på seg imellom, disse skipperne. -

Ganske riktig, skuta bak oss tok den samme vanvittige kroken på åpne havet, og maskinisten og jeg, fikk oss en god latter. I det samme kom skytteren, Røyset fra Hareid, ned fra broa. Han hadde stått vakt der.

- Det er da svært som du kroker oppe i rorhuset - vi trodde det var en førstereisgutt som stod til rors, - sa jeg.

- Er du begynt å bli ustø i kurser? apet jeg.

- Du får ikke skynde på mig denne gangen, - svarte han. Det var rorledningen som satte seg fast.

- Du så vel at Tor Olsen fulgte manøveren? -

- Ja han er en spøkefugl og når han har lovd Landmark å følge i kjølvannet, så kan vi gå oss

like lukt på grunn, og han vil følge etter like opp i åkeren, det kan du lite på. -

Like etter kom tåka sigende, og la sig så tjukk at vi mistet kontakten med kameratbåten. Vi så den ikke igjen på flere dager, og vi spørte med at den kroken ble den siste Tor Olsen gjorde i kjølvannet vårt.

Det blåste nå opp til ett fryktelig uvær - historien om det som da hendte skal vi berette i ett annet avsnitt. "Aarvak"- folka trodde ikke de ville få se kameratbåten igjen før de kom tilbake til Ålesund. Men den sjette dagen, da været hadde lagt sig, så vakta i tønna ett party komme med østlig kurs mot "Aarvak". Da skuta kom nærmere så vi at det var kameratbåten vår, forteller Ingvald Lorgen.

De satte båt på sjøen og skipperen og en fangstmann kom ombord til oss for å få seg en prat. Jeg satte over kaffien, og de ble vist ned i kahytten. De hadde sin egen omgangstone, disse skipperne, og de buset ikke ut først best med det som lå dem på hjertet. Først diskuterte de hvordan de skulle gå frem for å finne sel, og mens de satt slik å pratet, sa Tor Olsen liksom tilfeldig:

- Du var ikke særlig til kamerat da du ikke gav oss ett vink om hornmina ved Halten Fyr! -

- Nei, nå må du gi deg, - sier Landmark

Vi har ikke sett noen mine, hverken der eller andre steder.

- Jo, den så dere, for dere tok en stor sving, så vi skjønte det var noe. Vi holdt skarpt utvik, og da vi kom nærmere så vi at det var ei svær hornmine. Vi stoppet opp og en av skytterne skjøt på den. Han må ha punktert den uten å treffe sprengladningen, for den sank i havet uten å eksplodere. - Det ble stilt rundt bordet.

Rorledningen som hadde satt sig fast, hadde altså reddet oss fra å gå på den mina som vi ikke hadde oppdaget. Vi sa ikke så mye, men jeg tror at alle følte det slik at det var en høyere makt som hadde satt fast rorledningen for oss denne dagen. Det var ikke meningen at vi skulle gå ned. Vi hadde også flere slike

forunderlige opplevelser på denne turen, som jeg senere skal fortelle om.

På en eller annen måte forbandt vi slike hendelser med skipperen, som alltid hadde vært fulgt av hell. Praten kom på gli igjen, og vi spørte og lo der nede i lugaren. Tor Olsen ville gå lenger østover, sa han, for å lete etter selen. Vi ønsket hverandre fortsatt god tur. Lite visste vi at vi aldri skulle få se dem igjen. Og at vi var de siste som så dem i levende live.

Ikke før vi kom hjem etter en hard tur, full av dramatikk, fikk vi høre at Tor Olsen og mannskapet hans var rapportert savnet. Tida gikk, uten livstegn, og så var det klart at kameratbåten vår var blitt den samme skjebne til del som så mange andre ishavsskuter: Gått ned med ett helt mannskap. Ingen spor. Bare savnet og minnene igjen.

Mang en gang har jeg tenkt at høyere makter hjelper oss og berger oss, ofte uten at vi vet om det. Det skal vi takke for. Men vi skal også takke for at vi ikke kjenner vår egen eller våre kameraters skjebne. Da ville kanskje livet ville bli for hardt å holde ut.

Ofte har jeg tenkt på den lysluggete førstereisgutten, - Sverre Haugland. Hadde jeg kjend den skjebnen han skulle få på denne turen, så hadde jeg satt ham på land og nektet ham å bli med.. Men ingen kjenner sin lagnad, eller andres, det vet vi som har vært ett langt liv på sjøen. Det er best slik.

Alt har sin mening, selv om det er vanskelig for oss å se den. Hvem kan forstå hvorfor ett helt skipsmannskap skal gå ned, eller hvorfor en ung førstereisgutt skal forsvinne i havet ?

### Havet tok, havet gav


**- og havet tok for godt.**

Stuert Ingvald Lorgen forteller videre om den dramatiske turen med "Aarvak" i 1920.

- Du fortalte sist om uværet som brøt løs da dere var i rom sjø, du sa at det var dramatiske episoder under stormen.

- Det hadde vært fint vær med en spak sørvestlig bris hittil på ferden, og vinden var så svak at det ikke lønte seg å heise seil. Vi gikk for dampmaskinen, og holdt omlag 6 knop.

Men nå frisknet vinden på fra sørvest, så vi heiste storseil, fokke og mesan. Dette var ikke bare for å nytte vinden, men også for å lære opp førstereisguttene i seilføring.



*Aarvak fast i isen. Foto: Vebjørn Landmark, Ishavsmuseets arkiv.*

Det var flinke gutter, og Sverre Haugland var kanskje den som var allermest lerenem, han var rask og interessert og alltid i godt humør, samme om det kunne være hardt arbeid av og til. Nå gikk det vakt om vakt, så vi regnet med å være ved iskanten nord for Jan Mayen ganske snart.

Det andre døgnet frisknet vinden enda mer, og nå gikk vi med 8 knop. Humøret stod høyt hos alle ombord. Det satte inn med regntukke og stiv kuling fra sørvest og på vår andre dag fra Halten Fyr hadde vi en del overvann på dekk. Skuta slingret ganske godt, så den fangstbåten som stod på babord side på båtdekket, rørte litt på sig. Vi kunne ikke risikere at den slet sig løs, så skipperen bad om at andreskytteren skulle ta med sig en kar og få surret båten bedre.

Det ble Sverre som blev med, og han var ikke skvetten av sig. Han hadde nå fått en del øvelse og erfaring i båt, og syntes vel at han skulle

vise at han dugde, også i uvær. Han gikk på utsiden av fangstbåten for å ta imot tauet som skytteren stakk under kjølen på båten. Skytteren gav ham en tauende og fikk den tilbake over båten. Han gav Sverre tauenden enda en gang og gutten kastet den tilbake over båten. Skytteren surret og bela, men tredje gang han rakte tauet under kjølen, var der ingen som tok i mot på utsiden.

Han viftet med tauenden en stund og lurte på om førstereisgutten var blitt sjuk eller redd. Men så var der en igjen som tok i mot, halte inn og kastet tilbake. De ble ferdige med surringen, fangstbåten sto trygt nå, Skytteren gikk til rorhuset og Sverre gikk ned på dekk:

- Jeg må skifte på mig tørre klær, - sa han til mig da han gikk forbi byssedøra. - Ble du så våt da?

- Ja, du skjønner at jeg mistet fotfestet og datt i sjøen fra båtdekket. -

- Nei nå skrøner du! - For hadde du havnet i havet i slikt vær så stod du ikke her nå.

- Jo, jeg mistet balansen og falt i havet, men en stor sjø løftet meg så jeg fikk tak i gelenderet som går rundt akter. Så gikk jeg opp på båtdekket igjen. Jeg tror ikke at annenskytteren merket at jeg var borte en gang. Det var en merkelig opplevelse, det var akkurat som om en stor hånd tok mig og la mig inn til gelenderet, så jeg fikk berget meg ombord.

- Så får du takke for det

Din time var nok ikke kommet enda. Nå får du gå og skifte på deg tørt. Mor din har sendt med deg rikelig, det så jeg da du kom ombord. Du får henge de våte klærne dine inn på kjeltoppen, der tørker de i en fart. Og glem ikke å takke. -

Lite visste hverken han eller jeg at hans time snart skulle komme. Havet tok, og havet gav tilbake. Et forvarsel.

Jeg måtte opp i rorhuset og fortelle om denne hendelsen, og der ble både skipperen og skytteren og hele vakta rent overgitt over det hellet som Sverre hadde hatt.

Og ganske riktig, skytteren hadde ikke hatt anelse om det som var skjedd. Vi erfarne sjøfolk tenkte nok vårt, i vårt stille sinn. Sverre ble dagens helt. Å dette ned fra båtdekket i stiv kuling med fulle seil og dertil full fart i maskinen, og så falle rett ned på en sjø som akkurat da gjorde seg klar til å bryte inn over akterskipet. Det var et mirakel, det var vi alle enige om. Men vi var også enige om at Sverre hadde vist et uvanlig mot da han uten videre gikk tilbake til båtdekket for å fullføre jobben på utsiden av fangstbåten.

- Var du redd under stormen?

- Nei, redd? Jeg hadde opplevd slikt før, og visste at med god skute og dyktig skipper så går det bra. Men en støkk fikk vi jo med Sverres opplevelse. Han selv tok det rolig.

Tredje dags morgen var det fremdeles stiv kuling, og den holdt sig til vi så iskanten. Da løyde den, og det klarnet opp. Men det var svær dønning, rett på iskanten, så det var et følt brøl og en veldig dur fra isen som dønningen knuste og malte til sørpe. Skipperen gikk i tønna for å se om der var sel i sikte. Men det var bare is og ingen sel å se, så han gav ordre om å gå vestover langs iskanten med sakte fart. Seilene var nå tatt ned og beslått. De av vakta som ikke sto til rors, skulle nå igang med å heise opp kull fra de store spekktankene i rommet. De fylte kullene i kullbaksene der det hadde minket kraftig på overfarten.

De store spekktankene var fulle av kull, så nå måtte det stå en mann på kne ved mannhullet i tankene og øse kull med ei lita kulløse opp i ei bøtte som av andre ble tømt i kullbaksen i maskinrommet. Det var et seint og trasig arbeid, men det måtte gjøres. Og det var ingenting å forsømme for isen var tettpakket og ingen sel var å se.

Slik gikk nå en tre - fire dager med stadig vakt i tønna for å se etter selen. Men isen lå fremdeles like øde. Mannskapet gikk sine vakter, spiste og sov på frivakten Den eneste avvekslingen var den dagen da vi igjen fikk kontakt med kameratbåten som vi hadde mistet i uværet, og nå fikk vi høre om det merkelige hellet vi hadde hatt med hornmina. Da denne båten hadde forlatt oss igjen, og for å forsvinne for

alltid, uten at det senere ble hørt noe livstegn fra den, gikk vi videre. Vi fant noen isstrimler som det var litt sel på, så nå ble det selbuff og selkaker. Det var god mat og avveksling fra saltkjøttet. Men isen stakket til også denne gangen så vi gikk bare innfør iskanten og plukket sel.

Nå fikk førstereisguttene lære seg å flå. De fleste tok fort etter. Men hollenderen, han klarte det ikke. Han lærte det aldri. Han la selen på magen og skar skinnnet opp bak over ryggen. På den måten ødela han alle de selene han kom over. Han ble fritatt for å flå - jeg vet ikke om det var det som var meningen hans, for han var ikke noe særlig til kar på noen måte, det hadde vi forstått mer og mer på turen. Han ble satt til annet arbeid. Islendingen hadde kjøpt seg sjøstøvler med trebunner til denne turen. Men han fikk fort se at de ikke passet opper på isen, så han kastet dem fra seg og sprang på isen på strømpestesten. Han var en ivrig og flink fangstmann.



*Spekking og platting av skinn på Aarvak. Foto: Vebjørn Landmark, Ishavsmuseets arkiv.*

Når det ikke var sel å se, så fordrev karene tiden med lesing og kortspill, og en av dem

hadde med seg to par boksehansker. Så det gikk mange runder ute på dekk, i all vennskapelighet.

Tiden gikk med bunkring av kull fra spekktankene til kullbaksene. Og med plukkfangst av sel og så spekking av skinna. Spekket ble tömt ned i de tomme og rengjorte spekktankene. Stundom gikk vi ut fra iskanten og ut i ishavet, når vi så store isstrimler der. For der var det som oftest sel.

Men det var ingen fart i fangstingen, en dag sa skipperen fra at barometeret hadde fallt så mye så vi kunne vente storm. Siden vi er utenfor kanten får vi være her og ri av stormen i åpen sjø. Vi hadde nå omlag 300 sel ombord. Skipperen gav vakten ordre om å reve storiseilet med gaffelen nesten ned til bommen, og tre rev i fokken, og så gikk vi bort fra iskanten. Vinden kom med regntjukke, og den økte på utover dagen. Lukene ble ekstra skalket og alt løst ble surret. Det ble slått stopp i maskinen, med ordre om bare å holde en svak fyr under kjelen. Vi måtte spare på kullene slik at vi hadde nok til hjemreisen.

Vinden bare økte, og sikten minket, det var også ett fint regnmusk. Det gav seg ikke, men vinden vokste på og sjøen ble nokså grov. Men vi hadde ei god skute så vi følte oss trygge der vi lå og drev med en liten flik av storiseilet og fokken halvt bakk. Det var forholdsvis liten slingring, men vi fikk mange stygge brott over oss. Det var vanskelig å arbeide i hyssa.

- Var du redd nå?

- Redd? - Nei, hvorfor skulle jeg være redd? Hva spør du så mye etter det for? Jeg stolte på skuta og på skipperen og på Vår Herre. Og jeg syntes at vi hadde fått tegn om at det ikke var meningen at vi skulle gå'an på denne turen. Men med jobben som stuert var det heller så som så. Det ble jo ikke så rart med matstellet nå, det gikk på kaffe og brød, for det meste.

Det var ikke ufarlig å ferdes på dekk, og det var heller ikke noe å gjøre, så vakta holdt seg i rorhuset for det meste. Sjøen slo så jevnt og trutt over skuta at jeg bare hengte klippfisken opp i riggen når jeg skulle bløyte den.

Den andre dagen etter at vi fikk denne stormen, kommer Sverre opp fra lugaren og går akter til kjeltoppen med noen våte klær som han vil tørke. Jeg ser ham gjennom ventilen i byssa.

I det samme han stiger ut på dekk, kommer det et veldig brott, det største vi har fått hittil. Det slår løs nedgangen til lugaren og tar Sverre med seg overbord. Det blir ropt: -MANN OVER BORD!

En av karene får straks kastet ut en livbøye. Det ble slått full alarm i maskinen. Men det hjelper jo ikke, for vi har ligget med bakket fyr under kjelen i over et døgn. Vi har nesten ikke stim. Maskinen går rundt bare noen få ganger, så er det stopp. Vi drev så fort at vi bare kunne øyne Sverre langt akter til lovart. Båt var det ikke snakk om å ta på sjøen i dette været. Vi kunne ingenting gjøre. Vi bare stod der. Vi så Sverre og vi så livbøyen like ved ham. Han tok ikke etter den. Senere hørte jeg at de andre tenkte det samme som jeg: Han ville ikke ta bøyen. Han ville ikke forlenge pinen. Han visste jo at vi ikke kunne gjøre noe for ham.

Det var ingen som sa noe.

Vi stod en stund og bare så på hverandre.

Så måtte vakten finne frem presenning og material. Det var liksom en hjelp i det, å få kaste seg inn i et arbeid.

Vi var ikke utenfor fare. Nedgangen til lugaren forut måtte tettes før skuta ble fyllt av vann.

Der nede i lugaren var det panikk.

Vi fikk tettet nedgangen og fortalte frivakten om hva som hadde hendt. - Sverre Haugland var borte. - Så var det bare en utsettelse han fikk den dagen da sjøen løftet ham opp til gelenderet akter og berget ham.

Havet tok, havet gav, - og havet tok for godt.

Alt har vel sin mening, selv om det er vanskelig for oss å fatte den.

Vi måtte ta alle de våte køyklærne opp fra lugaren og gå bak i maskinrommet med dem. Bak maskinen var der en tre-fire kvadratmeter med dørk. Og der fikk oss lage oss flatseng. Vi

låg der de fem dagene stormen varte. Behagelig og komfortabelt var det ikke. Men vi fikk være glade om vi bergetlivet og skuta i dette overhendige været.

- Men du må da ha vært redd mens alt dette stod på?

- Nei, jeg kan ikke huske at jeg har vært redd noen gang i båt. - Det er da helt unormalt aldri å ha vært redd

- Jeg har ikke sagt at jeg aldri har vært redd.

- Men da må du også ha vært redd i stormen ?

- Ja, i stormen, men aldri i båt. Vi bodde noen år i ett trehus i Repslagergata. Når det rusket og rev og ristet som verst i høststormene, da var det ikke fritt for at jeg var redd, slutter Ingvald Lorgen.

### **Men du vet, det blir glemt, alt -**

Å høre Ingvald Lorgen fortelle, er som å gjenoppleve hele denne dramatiske turen med "Aarvak" i 1920, sier John Rye.

Han gir ett tidsbilde, samtidig som han forteller en medrivende historie. Det er viktig at dette blir fortalt nå, mens det ennå er noen fra den tiden i live.

For oss, den gangen på havet og i isen, var det noe helt annet enn en spennende opplevelse. Det er også viktig at de som leser om det i dag, forstår dette at det var blodig alvor, og jeg kan si det rett ut, det var ingen av mannskapet som trodde at vi skulle komme levende fra denne turen.

- Du mener altså at de fleste ombord i "Aarvak" trodde at dette skulle bli den siste reis?

- Ja, det var slik stemningen var ombord. Ikke bare i stormen ute i havet, men også senere i isen. Når vi snakket sammen så kom den samme forsikringen fra alle kanter: Skulle vi være så heldige å slippe fra denne turen med livet i behold, så lover jeg dyrt og hellig at jeg aldri skal dra ut til sjøs mer. Jeg setter aldri mer godvillig foten på ett skipsdekk.

- Men du selv var sjømann i førti - femti år etter dette? - Du vet, det blir glemt, - alt.

- Kjente du Sverre Haugland som omkom på havet?

- Om jeg kjente ham, - Sverre og jeg lå i samme køy ombord. Det var ikke så komfortabelt ombord i båtene den gang som nå. Vi måtte ligge to og to i køyene. Det passet godt at Sverre og jeg måtte dele køy, for vi hadde vært kamerater fra vi kunne sette fot under oss på Brunholmen. Vi var Molje-guta begge to, jevngamle og vi mønstretna på sammen. Jeg hadde allerede vært noen turer til sjøs og var bevant sjømann. men for Sverre var det første turen. Vi hadde også en annen førstereisgutt med oss fra Ålesund: Godtfred Hoem, han var bare seksten år den gangen.

Denne skjebnesvandre dagen, den tredje dagen stormen holdt det gående, kom tida for at Godtfred skulle løse av vakta på broa, han gjorde seg klar til å stå opp fra køya - men da kameraten Sverre så hvor vondt han hadde det, sa han: - Bare ligg, du Godtfred, så skal jeg ta vakta for deg. Jeg må opp med noe vått tøy og legge det til tørk på kjeltoppen likevel -.

Dette var det siste Godtfred Hoem så til vennen sin. Sverre klæret opp leideren og ett par sekunder etterpå kjente de som lå i lugaren at båten la seg så mye over at de trodde den skulle gå rundt. Ett voldsomt brak hørtes idet "Aarvak" ble truffet av en kjempestor brottsjø. Det knaket i hele skuta, og det ble panikk i lugaren.

Alle stormet til leideren for å komme seg på dekk og berge livet. I det samme hørtes ropet: - Mann overbord!

De skjønte at det var Sverre som var slått av havet. Og de visste at det ikke kunne finnes redning for ham.

Godtfred ble helt lamslått. Hele livet senere lå dette minnet på ham. Utallige ganger tok han det frem og fortalte om det til familien, han ble aldri kvitt dette minnet. -

- Dette stemmer helt med det som jeg husker.

Jeg stod til rors sammen med begge skytterne, og ventet på avløsning. Skipperen gikk forut og ropte på rorvaktta. Vi så at Sverre Haugland

kom opp av kappa til lugaren, det var tydelig at han var sjøsyk. Så kom den uhorvelige brottsjøen og slo ned over oss som om den ville knuse hele skuta til pinneved.

Sverre var kommet bort til vinsjen, han trev seg tak i vinsjekoppen, og forsøkte å holde seg fast. Men uvant med sjøen som han var, så snudde han seg mot sjøen i stedet for å krøke ryggen mot den, og dermed så fikk brottet tak i ham.

Ingen makt i verden kunne stå imot dette, ingen kunne ha tviholdt så hardt at han klarte å holde seg på dekk da sjøen først fikk tak. Han strøk overbord, idet skuta la seg kraftig over.

Vi tok inn mye vann. Skipperen ropte: - MANN OVERBORD!

To livbøyer ble kastet ut. Vi så Sverre hver gang han var oppe på en bølgetopp. Han var en god svømmer, men han hadde ingen sjangse. Vi slo full fart forover, men hadde ingen mulighet til å få fart på maskinen, uten stim som vi var. Seil og rigg og taljer var helt tilfrosset med tjukk is. Isen var så hard at da vi senere prøvde å slå den av, så slo vi av vantene samtidig.

Vi kunne ikke gjøre noe for Sverre. Bare stirre etter ham, og kanskje be en stille bønn for ham.

Sjøen hadde knust rorhusrutene og den hadde slått løs kappa til lugaren. Alle var kommet opp fra lugaren unntatt Godtfred Hoem. Han var blitt igjen nede. Det var ikke tid til annet enn å prøve på å berge skuta. Kappa ble i en fart dekt av presenninger, og alt ble spikret og surret fast.

Hoem var sperret inne i lugaren, alene. Det var ikke noe vi kunne gjøre for ham nå. Stormen måtte legge seg først, før vi kunne løsne såpass på presenningen at vi kunne få han opp.

Der lå sekstenåringen, og han må ha følt seg temmelig forkommen alene i den mørke lugaren, med sjø skvalpende på dørken, sjuk og elendig som han var. Mat var der i skuffene under køyene, så han kom ikke til å sulte, om han bare klarte å få ned noe. Vi ropte til ham og forsøkte å trøste ham og forsøkte å sette mot i ham. Men vi var jo selv redde, og vi visste

ikke om vi skulle overleve. Hvordan måtte det da ikke være for ham der nede, mens skuta ble kastet som ett viljeløst fnugg på de svære bølgene.

I to døgn lå han der, innespikret. Hadde skuta gått ned, så hadde i allefall han fulgt med. Ja, vi hadde jo strømmet med vi også, men det var enda verre når du er fanget i en rottefelle, slik som Godtfred var det. Om noen siden lovte å holde seg borte fra sjøen, så måtte det vere han. Men det forteller litt om mannen at han fortsatte som sjømann senere i livet. Første turen skremte ham ikke bort.

Vi stappet filler og grønnsåpe i alle sprekker, så selv om vi tok inn mye vann, så holdt vi oss flytende. Det gikk altså godt, bedre enn vi trodde. Stormen stilnet to døgn senere, så vi fikk Godtfred opp av lugaren og vi kunne gå inn i isen.

Det var ikke minst skipperen å takke for at vi berget oss. Han var uslåelig. Jeg møtte ham igjen mange år senere, i 1929 ombord i "Veslekari". Da var han blitt en gammel mann og var bestmann ombord.

Det var den gangen - - -

Nei, det er en helt annen historie, sier John Rye.

(fortsetter i neste nummer)



Veslekari.

## Årsmøte i Ishavsmuseets Venner 2012

Møtet vart halde i konferansesalen på Ishavsmuseet 6. mars kl. 19.00

### Årsmelding 2011

Leiaren las årsmeldinga til Ishavsmuseets Venner 2011. Denne synte at laget har hatt litt aktivitet med både grillkveld, konsert og teater i Aarvakhuset. Positivt var det å merke seg at medlemstalet hadde auka med 75 frå året før.

Det var ingen merknadar til årsmeldinga som vart godkjent. Rekneskapen til Venneforeininga synte eit overskot på om lag 45.000,- Rekneskapen vart også godkjent utan merknad. Årsmøte gjorde så vedtak om og overføre 25.000,- av årets overskot til Ishavsmuseet. Venneforeininga har også overrekt museet eit flott maleri av skutene Brandal og Aarvak i 30 års jubileumsgåve.

### Val

Innstillinga frå valnemnda samrøystes godkjent.

Stian Runne Brandal attvald som leiar for 1 år. Tor Riise attvald som kasserar for 2 år, Oddlaug Brandal kom inn for 2 år for Margit Moldskred Skeide som hadde bedt om avløysing. Sven Aslak Veiseth og Jan Bigset ikkje på val i år.

Ny 1. vara i staden for Oddlaug Brandal som rykte inn i styret vert Sindre Moltu Risøen. Roger Korsnes, 2. vara, ikkje på val i år.

\*\*\*\*\*

### Plukkfangst:


For godt og vel eit hundre år sidan brukte Roald Amundsen 6 år på å sigle gjennom både Nordvestpassasjen og Nordaustpassasjen, på to ulike ekspedisjonar. Sommaren 2010 gjorde Børge Ousland og Thorleif Thorleifsson unna den same reisa på knapt fire månader.

(HH-Balanse/Et annonsebilag frå Miljøverndepartementet)

## Fullt hus på Tjørvåg-kveld.

Av Veronica Kvalen Pilskog

Fredag kveld 24. februar var det duka for Tjørvåg-kveld på Ishavsmuseet Aarvak. Med føredraget ”Ein gong ei ishavsbygd”, om Tjørvåg, trekte Jarl Grimstad og Arnfinn John Klungsøy Karlsen fullt hus.



Jarl Grimstad på talarstolen. Foto: Willy Nessen.

Med eit frammøte på over 150 personar frå heile Sunnmøre, var det 75 av desse som nytta moglegheita for å få seg ein retteleg ishavsmiddag, Selkjøttgryte etter føredraget. Skal ein tru stemninga rundt bordet var også dette ein fulltreffar for Ishavsmuseet, som er i vinden som aldri før.

Jarl Grimstad drog linjene om arbeidet som vart gjort med innsamlinga av material og biler i Tjørvågen og som tok til i 1973. Jarl som sjølv er lærar i lag med kollegaen Richard Bergh var den som starta dette arbeidet. Jarl fortalte om ulike episodar frå dette arbeidet, han la særskilt vekt på at dei hadde teke eit viktig og rett val den gongen dei beslutta at alle

bilda skulle avfotograferast for å sikre best kvalitet, og at alle bilda skulle ha same ramme og like messingskilt. Den gongen på 70-talet var avfotografering og innramming av eit bilet ein kostnad på om lag 250 kroner. Men tjørvågingane visste råd, dei arrangerte åresal og seinare aksjon isfjell. Og med hjelp av diverse bedrifter kring om kom dei seg i mål. Alle dei 18 skutene som har hørt heime i bygda er dokumenterte med bilde og anna utstyr relatert til ishavet og samla på Ishavsgalleriet på Herøy Gard. Jarl fortalte også levande frå sine eigne turar på ishavet. Han fortalte også om det gode samarbeidet tjørvågingane har hatt med brandølingane, og nemnte spesielt Henrik Landmark som ein interessant samarbeidspartner.

Etter det spennande innleget til Jarl var det Arnfinn John Klungsøy Karlsen som fekk ordet for å snakke om selfangst i nyare tid. Arnfinn har i mange år drevet med foredling av selprodukt der han blant anna står bak Polaroljen. Etter hans utsegn er grønlandsselet i dag totalt ute av kontroll, så der er eit stort behov for at det blir drive med selfangst. Utfordringane for å få denne lønnsam ligg på landsida der ein både treng produktutvikling, kapital og marknadsføring m.m. På dette grunnlag har Arnfinn ein stor draum om å arrangere ein selproduktskonferanse i Brandal i nærmaste framtid.

Publikum viste stor interesse og synest det var kjekt at Ishavsgalleriet, Tjørvågbygda og Ishavsmuseet Aarvak kunne arrangere ein felles ishavskveld.

Etter denne gedigne suksessen, gler vi oss til dei neste arrangementa ved Ishavsmuseet.



Arnfinn Karlsen kåserte på Tjørvågkveld.

## Ishavskjerringa sette nye rekordar på Ishavsmuseet.

**Dei kom både langvegsfrå og lokalt dei mange hundre som møtte opp på Ishavsmuseet for og vere med på verdspremiera til dokumentarfilmen om Ishavskjerringa, på Ishavsmuseet i Brandal onsdag kveld, på sjølvaste avseglardagen for Vesteris-skutene 14. mars.**

Nær 400 personar møtte opp for å få med seg storhendinga.

Både regissørane og museumsleiinga hadde håpa på mykje folk men vart storleg overraska over den store tilstrøyminga. Heile tre gongar måtte regissørane, Hilde Ranheim og Marit Stensby, vise filmen i storsalen på museet som har 150 seteplassar.

Dokumentarfilmen handlar om Ishavskjerringa og om påska 1952 då ei av dei største katastrofane i norsk sjøfartshistorie fann stad. Fem ishavsskuter med 78 mann forsvann sporlaust under ei orkan i Vesterisen. I filmen Ishavskjerringa fortel Marit Lillenes Voldnes (83) frå Tjørvåg, Svanhild Warholm (91) frå Moltustranda og Kjellaug Ødegård (82) frå Hjørungavåg om korleis det var og vere gift med selfangrarar på Sunnmøre og om uvissa mens mannen var borte. Dei hadde ingen kontakt med mennene frå skutene la frå kai til dei kom tilbake fleire månader seinare. Om dei då kom tilbake.

Det har vorte ein flott og gripande film. Eit viktig dokument for ettertida. Mange i salen hadde nok med å halde tårene tilbake då dei fekk høyre historia til ishavskjerringane som var med i filmen.

Ordførar i Hareid, Anders Riise, hadde ordet og takka dei to regissørane for eit viktig arbeid dei hadde gjort, og at dei på denne måten tok vare på ei viktig kulturhistorie. Dei fekk begge overrekt blomar frå Hareid kommune. Han takka også Ishavsmuseet for bidraget for å få dette realisert, og understreka kor viktig rolla til Ishavsmuseet er, og for den viktige jobben museet gjer.

I etterkant av filmen fekk også to-tre tidlegare ishavsgasta som var til stades i Vesterisen i 1952, men på andre skuter og var av dei som var heldige og kom heim ordet, og takka filmskaparane for ein fantastisk jobb og flott film. Helge Ødegård kom heilt frå Langesund for å få med premieren på filmen. Han sette stor pris på initiativet og fortalte litt om sine opplevingar. Ødegård er også med i bonusmaterialet på filmen.


- Vi hadde aldri trudd at så mange kom til å ta turen for å sjå filmen, fortel dei to overveldta regissørane som hadde godt sal av filmen etter framsyningen.

Filmen blir til sals på Ishavsmuseet framover, og det er alt bestemt ei ny visning på Ishavsmuseet på eit seinare tidspunkt.

Også Webjørn Landmark ved museet er i ekstase dagen etter premieren. Han og dei gode medhjelparane på museet hadde si fulle hyre med å koke nok kaffi og steikje nok polarvaflar til alle dei frammøtte. Landmark ynskjer og takke alle dei frammøtte for ein fantastisk kveld, og vil takke dei frammøtte for tolmodigheita dei viste med å vente på både andre og tredje framsyning.

Styreleiar  
Willy Nesset i  
Ishavsmuseet  
er overveldta  
og svært glad  
for den store  
interessa som  
er kring  
Ishavsmuseet.  
Nesset leia  
kvelden og  
presenterte dei  
to  
filmskaparane.

*Regissørane  
Hilde Ranheim  
og Marit  
Stensby med  
filmen  
Ishavskjerringa.*





**MØRENOT  
DYRKORN**

| **Kvalitetsredskap som fisker godt og varer lenge!**



**ULSTEIN®**

## Norderval-avseiling på Ishavsmuseet.

Av Leiv Arne Grimstad

Med ishavsbispen Monrad Norderval som tema heldt Ishavsmuseet i Brandal «Avseilarfest» fredag 23. mars – og som vanleg for fullt hus.

Rosinen i den polare pølsa var sjølvsagt pensjonert sokneprest Atle Hopland si skildring av Monrad Norderval, som Hopland familien hadde hatt husfelleskap med den tida Norderval var sokneprest i Ålesund.

Men før Hopland fekk sleppe til hadde Harald Knutsen gitt av sitt store gode forråd om det som hende kring desse avseilarfestane.



Atle Hopland kåserte om ishavsbispen Norderval. Foto: Willy Nessen.

Festane vart halde i Ålesund som ei markering av at no var skutene klare til å reise i isen etter at skipskontrollen hadde erklært dei sjødyktige og provianten var komen på plass i det krøble proviantrommet.

Denne veka var Ålesund nærast som ein fristad å rekne, sa Knutsen.

Monrad Norderval, som var sokneprest i Ålesund i åra 1948-1961, skipa til fleire slike avseilarfestar. Då hadde også alvoret sin plass. I katastrofe året 1952 stod han føre ein slik fest i Festiviteten 12. mars.

Denne sesongen omkom 79 mann. Sommaren eit par månadar etter tragedien var Norderval sjølv i isen og talte til folket frå «Kvitungen», som då låg i Grønlandshavet. Denne preika vart opplest i Ishavsmuseet denne kvelden – 60 år etter – av Atle Hopland.

Som oppvarming til Hopland sitt innlegg spelte Knut Selvåg bl.a. «O store Gud» på trekkspellet – ein varm tone fylte romet og publikum tok etter kvart til å nynne med. Det var som å flyte til havs på sjølle tung-alda.



Knut Selvåg spelte trekkspel både i programmet, og under middagen etter på. Foto: Annika Brandal

### -Høglytt familie.

Far til Atle Hopland, Georg, var klokkar – og budde med familien sin i Menighetshuset med den talrike Nordervalfamilien (9 born) under seg i eit kvartal som også omfatta

Metodistkyrkja, Ynglingen – og så var det «ned Bedehusbakken».

I dette miljøet var Norderval heilt sentral med si høglytte familie. –Og alle ville høyrest, sa Hopland. Det var mykje song og musikk – også i nattetimane. Høgstemte salmar og songar med eit kraftig pianoakkompement. Kona Oddlaug måtte ha eit tålmodig sinn.

Når Norderval hadde lagt frå seg embetet og teke seg ein tur i isen, hadde han alltid med ei tønne salta selkjøt heim.

Norderval var både alvorsmann og skoyer. Han likte godt å terge Hopland sin far: -Ein gong var det Gudsteneste i Ålesundskyrkja, mange barnedåpar og fullt hus – og Norderval var på veg oppmot prekestolen. I det han passerar klokkar Hopland stoppar han opp litt og spør: - Du Georg, kva er preiketeksten i dag?

Ei anna munter historie var frå Norderval si tid i Nord-Noreg. Han var i soknebod til ein gamal same, som hadde teke imot nattverden og såleis var vigd for evigheita. Då dette var gjort spurde saman om ikkje Norderval hadde litt snus til han.

*-Eit heilagt øyeblikk.*

Hopland fortalte også historia om då Norderval skulle tale under eit jubileum i Santalmisjonen. Før dette hadde han vore ein tur i Israel saman med kona - og denne israels-turen sat tydeleg djupt i han, for talen hans handla stort sett berre om Israelsmisjonen. Norderval hadde tydelegvis forveksla dei to misjonsorganisasjonane. Då Norderval kom ned frå talarstolen, gjorde ona hans derfor merksam på at han hadde snakka om feil misjon. –Pytt, pytt, sa Norderval, -ver det ikkje ein herleg tur til Israel då?

Norderval døydde i 1976, og ei fullsett Ålesundskyrkje tok avskil med ei avhalden mann. Ishavsbiskopen hadde fått landlov. Fred vere med hans minne, sa Atle Hopland.

Etter Norderval økta i konferansesalen var det middagsservering, med salkjøtt, erter og flesk, nede på grunnplan – og kaffi og kaker oppe i etasjane.

Middagsgjestane fekk også servert gode historier av Harald Knutsen, og Knut Selvåg stod for ytterlegare fin trekkspelamusikk.

### **-Rett av museet**

Då Knutsen inviterte fleire til å ta ordet rundt middagsbordet, fekk han napp frå blant andre Svein Gjelseth, stortingsrepresentant for Møre og Romsdal Arbeiderparti.

Han roste museet for det gode arbeidet dei la ned – og var klar på at Ishavsmuseet hadde gjort det rette med å melde seg ut av Sunnmøre Museum. –Eit slikt museum treng ikkje ei lokal konsolidering, men ei nasjonal og gjerne internasjonal satsing, meinte han.



*Stortingsrepresentant Svein Gjelseth meinte Ishavsmuseet hadde gjort rett med å melde seg ut av Sunnmøre Museum. Foto: Annika Brandal.*

### **Plukkfangst:**

Kva er den store skilnaden på Arktis og Antarktis? – Arktis er eit stort havbasseng omkransa av land medan Antarktis er eit stort landområde, eit kontinent, omkransa av hav.

(HH)

## Damene trekte fullt hus på Ishavsmuseet.

Av Anne Gry Eilertsen

**Konferansesalen til Ishavsmuseet var fylt til randa då Brit Aanning Aarseth fredag 20. april kåserte om millionøsa Miss Louise Arner Boyd.**

-Fullt hus på polarkveldane begynner og bli ein god vane, sa styreleiar Willy Nesset innleiingsvis. Han var spesielt glad for at så mange kvinner sat benka i salen for å høyre Brit Aarseth fortelje om den eventyrlege historia om Miss Boyd.



*Brit Aanning Aarseth på talarstolen. Foto: Willy Nesset.*

Hittil i år har Ishavsmuseet hatt 5 temakveldar. –Polarkveldane er polarformidling på sitt aller beste, sa Willy Nesset, som poengterte at det var på dagen 100 år sidan ishavsskuta Aarvak for på sin første tur – 20 april 1912.

Brit Aanning Aarseth er ein dyktig og entusiastisk formidlar. Ho har gått i brodden for å ta vare på «Hindholmen», ho har vore engasjert i kvinneskipet «Embla» og ho har laga seg eit museum med saker frå Aarseth-reiarlaget heime på Vartdal. Der er det også eit etge «Miss Boyd-rom».

### Vart einearving til stor formue.

I tillegg har ho altså forska på Miss Louise Boyd. Brit Aanning Aarseth er frå Volda, og noko av det første ho fekk høyre om då ho gifte seg med Åge Aarseth og flytta til Vartdal, var historia om Miss Boyd og skuta «Veslekari».

Spesielt gjorde eit foto av miss Boyd, i sin finaste stas på bjørnejakt eit stort inntrykk.

Miss Boyd var fødd i 1887 i San Rafael, California. To brør døydde i ung alder, og ho vart einearving til ei stor formue etter foreldra sine, som var med på det store gullrushet i California frå midten av 1800-talet. Ein formue som gjorde det mogleg for henne å utruste sju ekspedisjonar til arktiske strok.

### Betalte 115.000 kroner i leige.

Miss Boyd betalte 115.000 kroner i leige til reiarlaget for leige av skuta. Alle om bord måtte skrive under på at dei skulle hjelpe henne innover i isen, og at dei ikkje skulle fortelje noko til pressa om ekspedisjonen. I følgje Brit Aarseth vart «Veslekari» den store kjærleiken til Miss Boyd. Ho leide skuta i 1931, 1933, 1937 og 1938. Mannskapet om bord kalla henne berre for Misså, og det skal ha vore litt av et syn då ho første gong steig om bord i «Veslekari» i Ålesund i 1931. Iført hermelinpels vart ho geleida om bord av Asbjørn Rudi frå Hovdebygda. Den første ekspedisjonen gjekk til Nordaust-Grønland med Paul Lillenes som skipper. Under dei andre ekspedisjonane var det Johan Olsen som var skipper.

Heime i San Rafael levde Miss Boyd eit luksusliv med store selskap, flott hus og kunst. Ho gifte seg ikkje, og fekk ikkje born. Då ho døydde i 1972, var heile formuen tapt. Men ho hadde utretta mykje, og fått oppleve mykje. Etter eige ynskje vart oska hennar strødd utover Nordpolen, i det same området der ho hadde baska seg gjennom isen med «Veslekari».

Ei dotter av Brit Aarseth, Hilde, har busett seg i California. Første gong mora kom på vitjing, oppsøkte ho San Rafael og bustaden til Miss Boyd. Eigendomen har i dag blitt museum og bibliotek. Aarseth overrekte eit foto av «Veslekari» til museet.

### Fekk fiktiv kjærast i romanfilm.

Etter foredraget var det høve til å stille spørsmål. Ein kar ville vite om det oppstod noko romansar om bord i «Veslekari» under ekspedisjonane.

Det kunne ikkje Brit svare sikkert på. Men ho fortalte at dottera Hilde har laga ein roman film om Miss Boyd, og i den filmen har ho fått ein fiktiv kjæraste: Asbjørn Rudi frå Hovdebygda. Mannen som i 1931 fekk æra av å geleide misså om bord i «Veslekari» for første gong.

Etter foredraget var det sal av kaffi, kaker og selkjøtgryte i museet.



*Kaffi og kaker etter foredraget.*

\*\*\*\*\*

## Ishavet

Av Anna Josefina Jönsson

Det er noko med havet som gjer at eg lengtar ut, ut i verda, ut å oppleve. Eg kan sitte lenge berre å sjå på bølgene. Det er noko med ishavet spesielt, som eg kjenner ligg djupt inne i hjartet. Isen, motet, historia, dei barske forholda, naturen og skutene. Og gutane, som unge drog fryktlause til det kalde nord. Alle skjebnene, konene som venta heime og alle dei nesten ufattelege historiene om livet i isen.

For når eg går rundt her på Ishavsmuseet om morgonen og slår på alle lysa, så er det nesten som om eg hører det susar litt i veggane. Eg ser for meg det yrande livet som gjekk føre seg på denne sjøbuda, korleis skutene låg utføre og all trafikken som var her, i sentrummet av selfangstnæringa vår. Eg stoppar alltid opp og ser litt ekstra på biletet av Peter S. Brandal, min tippoldefar, og undrar meg over kor modig han var. Korleis han tørte å satse på noko som

ingen her hadde gjort før. Å fare i isen med ein liten seglbåt. Starte noko som skulle bli så stort. Og i tillegg bli kompis med Roald Amundsen! Eg syns det er fint å tenke på, for på ein måte er det eit bevis på at du kan klare det du vil klare. Kanskje det er derfor historia om ishavet og dei modige menn gjer slik inntrykk på meg. Kanskje det er derfor eg kjenner det så djupt inn i hjartet, kanskje er det derfor eg vert inspirert av å vandre rundt på muséet når det er heilt stille og eg er heilt åleine.

Eg er så stolt av slekta mi, av å vere ein del av det heile og over alt Ishavsmuseet får til! Og den historia som muséet fortel. På mange måtar syns eg at eg har eit visst ansvar her, formidle historia vidare. For om ikkje min eigen generasjon viser interesse og ”tek over”, er det mange ting som blir gløymde når dei eldre ishavsskipperane ikkje er her og kan fortelle oss om det utrulige livet på ishavet.

Kvar dag lærer eg noko nytt her. Kvar dag oppdagar eg nye gjenstandar. Kvar dag går det opp for meg at dette har ein utruleg stor historisk verdi. Eg jobbar litt ved museet med bl.a omvising, fotografering av gjenstandar, og litt registrering, for øyeblikket driv eg å sortera gamle skipsdagbøker og regneskapsprotokollar før vidare arkivering. Enorme bøker som er så tunge at eg klarer berre ei i gongen. Men inn i mellom stablar med rekneskap frå relativt nyare tid, dukka det opp ei bok som nesten ikkje hang saman. Den var i frå 1925, og det var Peter S. Brandal sin regneskapsprotokoll. Alt sirlig oppført, og eg sat med andakt og bladde litt i boka. Plutseleg falt det ut eit blad, heilt intakt og lesbart. ”Farmand – norsk forretningsblad” frå 1931, adressert til ”Peter S. Brandal, Brandal, Söndm”. Det er slike ting som gjer dagen litt bedre. Det er som å oppdage små skattar, heile tida. Og det er eg så heldig å få gjere, til dagleg.

Min store draum er å fare opp til isen, oppleve ishavet. Men kanskje er det akkurat det eg gjer no, her på Ishavsmuseet.

\*\*\*\*

# **ALUMINIUM**

## **PLATER OG PROFILER**

*Vi lagerfører  
aluminiumsprodukter  
i alle legeringer!*



**Alumeco Norge AS**  
Haralds vei 6, 1470 Lørenskog  
Telefon: 67 91 69 50 - Telefaks: 67 91 69 59  
E-post: e-mail@alumeco.no - www.alumeco.no

## Kronprinsparet vitja Ishavsmuseet

Torsdag 24. mai var Kronprinsparet på vitjing på Ishavsmuseet. Det var under fylkesbesøket i Møre og Romsdal at dei vitja Hareid kommune og Ishavsmuseet. Brandal viste seg frå si beste side, bada i sol, og det var eit særskilt vellukka arrangement inne på dekk i Aarvak-huset.

Dei vart mottekte av styreleiar Willy Nesset og dagleg leiar Webjørn Landmark utanfor vernebygget til ishavsskuta Aarvak. Hareid skulekorps og Musikklaget Melshorn spelte for dei på utsida ved ankomst.



Kronprinsparet vert tatt imot av Willy Nesset og Webjørn Landmark. Foto: Steffen Kvalsund.



Kronprinsparet med følge på veg inn i Aarvak-huset. Foto: Eli Sølv Jønsson.

Inne i Aarvak-huset, om bord i 100 års jubilanten Aarvak, stod ishavsveteranane Ottar M. Brandal, Karl Johan Brandal, Peter Josvald Brandal, Reidar Pilskog, Nils Pilskog og

tidlegare ishavsreiar Else Karlsen, klare til å helse på kronprinsparet. Brandalskoret stod i baugen på Aarvak og song To trøytte fuglar. Willy Nesset som leia arrangementet meinte dette kunne vere ein tittel som kunne passe godt på kronprinsparet som hadde vore gjennom ein lang og travel dag.



Veronica Kvalen Pilskog fortalte om Ishavsmuseet og selfangsthistoria. Bak står Brandalskoret. Foto: Steffen Kvalsund.



Else Karlsen helsar på Kronprinsesse Mette-Marit. Foto: Steffen Kvalsund



Ordførar Anders Riise, Kronprins Haakon, styreleiar Willy Nesset, Kronprinsesse Mette-Marit, dagleg leiar Webjørn Landmark og Fylkesmann Lodve Solholm.

Under: Om lag 50 inviterte gjestar samla på dekk på Aarvak. Begge foto: Steffen Kvalsund



Unge Veronica Kvalen Pilskog fekk oppgåva med å fortelje kronprinsparet om Ishavsmuseet og selfangsthistoria. Ei oppgåve ho løyste på ein god måte. Jenny Helen Korsnes spelte «Ut mot havet» på flygelhorn, før styreleiar Willy Nessel overrekte Kronprinsparet ei gáve frå Ishavsmuseet og takka for besøket.

Arrangementet i Aarvak-huset var for inviterte gjestar med bl.a kommuneleiinga i Hareid, formannskapet, sponsorar til Ishavsmuseet og museet sine dugnadsfolk. Utanfor tok Kronprins Haakon og Kronprinsesse Mette-Marit seg tid til å helse på fleire av dei fram møtte etter arrangementet.



Foto: Steffen Kvalsund



Foto: Helge Brandal



Ishavsmuseet kan oppsummere første halvår 2012 med svært gode resultat. Eit halvår der alle tidlegare rekordar både med besøkstal og omsetningstal er slått. Det er særskilt bussgrupper og temakveldar som er årsak til dette.

Som ein kan lese på dei føregåande sidene har alle polarkveldane med ulike tema vore ein stor suksess med fulle hus på alle arrangement. Desse temakveldane med føredrag og god mat kjem til å verte tekne opp att til hausten og vinteren.

Venneforeininga melder om stadig fleire nye medlemar/abonnementar til foreininga og Isflaket. Dette er svært gledeleg. Gledeleg er det også at veldig mange som betalar kontingenent til Venneforeininga samstundes gjev gávebeløp på innbetalinga.

Ishavsmuseet har også i løpet av våren gjort avtale med CANADIAN MUSEUM OF IMMIGRATION AT PIER 21, Halifax, om framtidig samarbeid.



Martin Karlsen, Ishavsmuseet Aarvak sin ambassadør i Halifax, bringer blomster og takk til våre nye vener ved CANADIAN MUSEUM OF IMMIGRATION AT PIER 21, Halifax, Marie Chapman, CEO, Carrie-Ann Smith, sjef for Audience Engagement, Martin Karlsen og Fiona Valverde, direktør, markedsføring, kommunikasjon og utvikling.

Som vi veit har det vore ein lang og sterk tilknyting i dei områda, med selfangst og sjøfart mellom Norge og Newfoundland. Nordmenn slo seg ned på Canadas austkyst og fleire norske bedrifter etablerte seg i sel, kval, og fiskebedrifter.

Vi er veldig glade og stolte over å inkludere CANADIAN MUSEUM OF IMMIGRATION AT PIER 21, Halifax i vårt museums nettverk. Det har vore, og vil fortsatt vere, ein sterk samanheng mellom Canada og vår region her på vestkysten av Norge. Vi er glade for at begge partar ønsker å utvikle dette forholdet.

For Ishavsmuseet er det viktig å ha denne moglegheita til å studere selfangsthistorie. Spesielt sidan vi veit kor viktig dette var for våre to land. Også viktig er det faktum at mange nordmenn slo seg ned i Canada. No har vi kjelda til å hjelpe oss å finne ut meir om alle desse menneska og å dele vår felles historie på begge sider av Atlanterhavet.


I løpet av våren har Ishavsmuseet også fått tilgang til kai på naboeigendomen. Mellom museet og kaia har vi laga til gangveg så det er lett fint og spasere mellom museet og kaia.

Alt no har vi hatt fleire båtanløp, og vi har god tru på at dette skal gjere museet enda meir attraktivt.

Vidare program utover året er så jubileumshelga for Aarvak 29. august til 2. september. Jubileet vert opna av Alex Rosen frå dekk på Aarvak. Forhandssal av billettar på [www.sjoborg.no](http://www.sjoborg.no) og ved Ishavsmuseet.

Fredag 31. august vert det programkveld på Aarvak, og laurdag 1. september grillkveld og underhaldning. Søndag 2. september vert det familiesøndag med bl.a Maria Parr. Marina vert tilstades på Brandal heile helga med eit eller fleire skip. Mot slutten av september er det klart for ny polarkveld som denne gongen er med Magnar Aklestad. Magnar vil fortelje om sine mange turar til Antarktis. Som vanleg vert det middagsservering etter föredraget. 17. oktober er det klart for årets ishavskveld i Hareidsstemna. Stein P. Aasheim er föredragshaldar.

Følg med på [www.ishavsmuseet.no](http://www.ishavsmuseet.no) og [www.facebook.com/aarvak](http://www.facebook.com/aarvak) for å halde deg oppdatert om arrangementa.



# NORMEX

Ozone and Water Technologies

# B

Porto

Betalt P.P

Avtale

617108/7

Returadresse:

Ishavsmuseet

6062 Brandal



## Blåbær

- ❄ god for synet
- ❄ magen
- ❄ og nattesomnen
- ❄ høg konsentrasjon av
- ❄ antioksidantar

Forsking viser at Blåbærkonsentrat har positive verknader på kroppen sitt immunforsvar, og gir betre sirkulasjon i dei tynne blodårane. Dette fordi ekstrakten har ekstra høg konsentrasjon av antocyanar som er dei mest effektive antioksidantane i naturen. Blåbærekstrakten er også betennelsesdempande. 1-2 kapslar dagleg.

## Polarolje®

- ❄ god mot ømme, stive ledd
- ❄ styrkjer immunforsvaret
- ❄ regulerar mage-/tarmfunksjonen
- ❄ god for hår og negler
- ❄ ei unik Omega-3 kilde

Kuren mot ømme og stive ledd - utan negative biverknader. Etter meir enn 5 års klinisk forsking syner forskarar ved Haukeland universitetssjukehus og Nasjonalt institutt for ernæring og sjømatforskning (NIFES) til oppsiktsekkjande resultater.

Blåbærekstrakt og Polarolje finn du i ein Coop-butikk nær deg, og hos Polargodt AS i Tjørvåg.

Forbrukarkontakt/produsent:

### Polargodt AS

6070 Tjørvåg, tlf 70084262 - fax 70084263  
Arnfinn mobil: 90660438  
[arnfinn@polargodt.no](mailto:arnfinn@polargodt.no)  
[www.polargodt.no](http://www.polargodt.no)

